

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen Gulen, Hyllestad, Hornindal, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Innkalling til møte i Kontrollutval - Gloppen kommune

Utval: Kontrollutval - Gloppen kommune
Møtedato: 22.08.2013
Møtetid: 10.00
Stad: Formannskapssalen
Møtenr.: 4/2013
Innkalling: Faste medlemer til kontrollutvalet, Revisor (sak 018/13)

Melding til: Ordførar(møte- og talerrett), Kommunerevisjonen i Nordfjord (møte- og talerrett) og varamedlemmer (vert evt. innkalla etter nærmare beskjed).

Dersom De ikkje kan møte, gje melding på telefon 951 39 762, eller på e-postadresse: post@sekom.no

SAKLISTE

016/13 Godkjenning innkalling og sakliste
017/13 Skriv og meldingar.
018/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse – Tinging.
019/13 Administrasjonsutvalssak 008/13 «Nytt omstillingsreglement»
020/13 Budsjett for drift av kontrollutvalet 2014.
021/13 Oppfølgingsliste 4-2013 Gloppen.
022/13 Eventuelt.

Gloppen 12.08.2013

Bjarne Bø (s)
Leiar


Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

016/13 GODKJENNING INNKALLING OG SAKLISTE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat

Dato: 07.08.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	22.08.2013	016/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

017/13 SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 07.08.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	22.08.2013	017/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- SM 10-13: Rundskriv frå kommunal og regional departementet om iverksetjing av endringer i kommuneloven m.m – eigenkontroll mv, datert 21.06.2013
- SM 11-13: Vedtak kst sak 029/13 – Årsmelding for 2012, datert 17.06.2013.
- SM 12-13: Vedtak kst sak 030/13 – «Rekneskapen for 2012 og disponering av overskotet», datert 17.06.2013.
- SM 13-13: Vedtak kst sak 034/13 – «Tertialrapport finansområdet 1. tertial 2013.
- SM 14-13: Vedtak i styre i SEKOM-sekretariat sak 008/13 – «Kjøp av sekretariatsstenester i overgangsperiode», datert 10.07.2013.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Skriv og meldingar vert tekne til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Sakutgreiing

SKRIV OG MELDINGAR

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Skriv og meldingar som vert lagt fram i møtet.

Saksopplysningar:

I saka ligg alle skriv og meldingar som har kome til sidan førre kontrollutvalsmøte.

Kontrollutvalet må vurdere om det er skriv/meldingar som bør løftast opp som eiga sak. Dersom det ikkje er skriv/meldingar som skal løftast opp som eiga sak, bør ”skriv og meldingar” takast til vitande eller det kan gjevast ein kommentar til det enkelte skrivet.

Sekretariatet sine vurderingar:

SM 10-13



DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

MOTTATT
21 JUNI 2013

Rundskriv

Førde kommune
Kommunene
Fylkeskommunene
Fylkesmennene

Nr.
H-2/13

Vår ref
2013001685 - 1

Dato
21.06.2013

Rundskriv om iverksetting av endringer i kommuneloven m.m. - egenkontroll mv.

1. Innledning

Stortinget vedtok 17. desember 2012 endringer i kommuneloven, lov om interkommunale selskaper (IKS-loven), inndelingsloven og hvitvaskingsloven. Vedtaket ble sanksjonert av Kongen i statsråd 8. februar 2013. Lovendringene bygger på forslag fra departementet i Prop. 119 L (2011–2012) Endringer i kommunelova m.m (egenkontroll mv.).

Endringene i kommuneloven trer i kraft 1. juli 2013. Unntatt fra dette er endringen i kommuneloven § 50 nr. 1 andre punktum, som trer i kraft 1. januar 2014, og endringen i § 77 nr. 2 som trer i kraft 1. november 2015. Endringene i IKS-loven trer i kraft 1. januar 2014. Endringene i inndelingsloven og hvitvaskingsloven trer i kraft 1. juli 2013.

Departementet har også vedtatt enkelte endringer i forskrift om kontrollutvalg i kommuner og fylkeskommuner og forskrift om revisjon i kommuner og fylkeskommuner. Disse trådte i kraft 1. januar 2013.

Departementet gir i dette rundskrivet en oversikt over lovendringene og knytter noen korte kommentarer til disse. Vi viser til Prop. 119 L (2011–2012) og Innst. 128 L (2012–2013) for ytterligere omtale av lovendringene.

Når ikke annet er sagt, blir begrepet kommune brukt som en felles betegnelse på både kommuner og fylkeskommuner.

2. Endringer i kommuneloven – egenkontroll

2.1 Kontrollutvalget – tidspunkt for valg

Kommuneloven § 17 nr. 2 er endret slik at kontrollutvalget skal velges på det konstituerende møtet i kommunestyret, etter valg av formannskap og ordfører. Formålet med endringen er å sikre at kontrollutvalget blir korrekt sammensatt, ved at minst ett medlem av kontrollutvalget blir valgt inn i kommunestyret. På bakgrunn av dette blir også § 17 nr. 3 endret for å slå fast at kontrollutvalget trer i funksjon fra det konstituerende møtet.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

2.2 Kontrollutvalget – åpne møter

Kommuneloven § 77 nr. 8 om at møtene i kontrollutvalget holdes for lukkede dører dersom ikke utvalget selv har bestemt noe annet, blir opphevet. Det innebærer at den alminnelige bestemmelsen om møteoffentlighet i § 31 også vil gjelde for kontrollutvalget. Etter lovendringen vil derfor hovedregelen være at møtene i kontrollutvalget skal være åpne. En forholdsvis utførlig omtale av reglene i § 31 er gitt i kapittel 8 i departementets rundskriv H-4/11 av 24. august 2011. Vi viser også til Prop. 152 L (2009–2010) (møteoffentlighet).

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

2.3 Kontrollutvalget – valgbarhet

Det er foretatt en utvidelse av kretsen over hvilke grupper som ikke er valgbare til kontrollutvalget. Kommuneloven § 77 nr. 2 er vedtatt endret slik at også varamedlemmer til kommunestyrekomiteer skal være utelukket fra valg til kontrollutvalget.

Denne endringen trer ikke i kraft før **1. november 2015**, men omtales her for oversiktens skyld.

2.4 Kontrollutvalget og revisor – rett til innsyn i selskaper

Overskriften i § 80 er endret til *Innsyn og undersøkelser i selskap*. Dette for å bringe overskriften i samsvar med innholdet i bestemmelsen. Videre er det vedtatt endringer i bestemmelsen delvis med sikte på å klargjøre hvilke type selskaper det er innsynsrett i, delvis med sikte på å utvide kretsen av selskaper det er innsynsrett i.

I § 80 er interkommunale samarbeid etter § 27 tatt inn. Det betyr at det vil bli innsynsrett også i de § 27-samarbeider som er egne rettssubjekter. Aksjeselskaper der kommune(r) eller interkommunale selskaper (IKS) direkte eller indirekte eier alle aksjer, er også tatt inn i lovteksten som innsynsobjekt. Et eksempel kan være aksjeselskap som er eiet av et interkommunalt selskap (IKS), enten alene eller sammen

med en eller flere kommuner. Også datterdatterselskaper vil kunne være eksempel på dette.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

2.5 Rapporteringsplikt i årsberetningen

I kommuneloven § 48 nr. 5 innføres det et krav om rapportering om internkontrollen i årsberetningen til kommunen. Dette er ment som et virkemiddel til å sette arbeidet med internkontrollen på dagsordenen lokalt. Kravet innebærer at det skal gjøres rede for både iverksatte tiltak og planlagte tiltak for å sikre betryggende kontroll.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

3. Endringer i hvitvaskingsloven – egenkontroll

Rapporteringsplikt for regnskapsrevisor

Den som er ansvarlig for revisjon av regnskapet for kommune eller kommunalt foretak får rapporteringsplikt etter hvitvaskingsloven. Denne plikten etableres ved at disse tas inn i oppramsingen over rapporteringspliktige etter hvitvaskingsloven § 4 andre ledd nr. 1. Plikten innebærer å undersøke og eventuelt rapportere dersom revisor har mistanke om at en transaksjon er knyttet til hvitvasking eller terrorfinansiering.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

4. Endringer i kommuneloven – kommunale foretak

4.1 Åpne styremøter

Kommuneloven § 68 nr. 5 om at styrets møter holdes for lukkede dører dersom ikke kommunestyret har bestemt noe annet i vedtektene, blir opphevet. Det innebærer at den alminnelige bestemmelsen om møteoffentlighet i § 31 også vil gjelde for styremøtene. Etter lovendringen vil derfor hovedregelen være at styremøtene skal være åpne. Lovendringen skjer på bakgrunn av at det ikke synes å være behov for en så vid adgang til å lukke møtene. Det er også departementets vurdering at åpenhet i kommuner, som foretakene er en del av, er med på å skape tillit til kommunal virksomhet og å styrke lokaldemokratiet.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

4.2 Daglig leders internkontrollansvar

Det er foretatt en presisering i kommuneloven § 71 nr. 2, som regulerer daglig leders internkontrollansvar. Det bør ikke være noen tvil om at daglig leder har et helhetlig internkontrollansvar. Ordlyden er derfor endret for at bestemmelsen skal speile det reelle innholdet i internkontrollansvaret. Bestemmelsen får derfor en utforming etter mønster av kommuneloven § 23 nr. 2, som regulerer administrasjonssjefens internkontrollansvar.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

5. Endringer i kommuneloven – økonomi

Avdrag på likviditetslån og trekkrettigheter

Kommuneloven § 50 nr. 7 bokstav b regulerer oppgjør av likviditetslån og trekkrettigheter. Bestemmelsen blir nå opphevet, fordi den anses som overflødig i det regelverket som kommunesektoren er underlagt i dag, og at dette bør stå uregulert.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

6. Endringer i inndelingsloven

Sammensetningen av fellesnemnda

Det er foretatt endringer inndelingsloven § 26 første ledd. Etter lovendringen er det ikke lengre et krav om at fellesnemnda *skal* speile av innbyggertallet i de enkelte kommunene, loven sier nå at den *bør* speile av innbyggertallet. I tillegg er minimumstallet på antall medlemmer fra hver kommune redusert fra fem til tre.

Endringen trer i kraft 1. juli 2013.

Med hilsen

Siri Halvorsen (e.f.)
avdelingsdirektør

Erland Aamodt
seniorrådgiver

Dette dokumentet er elektronisk godkjent, og sendes uten signatur



GLOPPEN KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	06.06.2013	061/13
Kommunestyret	17.06.2013	029/13

Avgjerd av: Kommunestyret Saksbehandlar: Jan Kåre Fure	Objekt: Arkiv: 004	Arkivsaknr.: 13/427-34
---	-----------------------	---------------------------

Årsmelding for 2012

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
197794	Årsmelding 2012

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for 2012 blir no lagt fram. Saman med den, men som eigen sak, legg rådmannen også fram si årsmeldinga for 2012. Årsmeldinga skal gi eit kort resymé av året som gjekk, og er rådmannen si melding til politikarane og innbyggjarane.

Saksutgreiing:

Årsmeldinga for 2012 følgjer om lag same mal som i 2010 og 2011.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Årsmeldinga er – som namnet seier – først og fremst ei melding. Sjølv årsmeldingssaka har derfor ingen direkte økonomiske konsekvensar for kommunen.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen har ikkje spesielle kommentarar til saka, og legg den fram med tilråding om at årsmeldinga blir teken til vitande.

Årsmeldinga er også sendt kontrollutvalet.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Kommunestyret tek rådmannen si årsmelding for 2012 til vitande.

06.06.2013 FORMANNSKAPET

061/13 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

17.06.2013 KOMMUNESTYRET

029/13 VEDTAK:

Kommunestyret tek rådmannen si årsmelding for 2012 til vitande.

Vedtaket var samrøystes.



GLOPPEN KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	06.06.2013	060/13
Kommunestyret	17.06.2013	030/13

Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: John Morten Selsvik	Arkiv: 212	13/125-6

Rekneskapen for 2012 og disponering av overskotet

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
197807	Årsrekneskapen for 2012
197965	Revisjonsmelding - årsrekneskapen for 2012
198141	Møtebok - Kontrollutvalet si sak 012/13 - Årsrekneskapen 2012 og brev til Gloppen kommune

Bakgrunn for saka:

Rekneskapen for Gloppen kommune for 2012 er no klar til endeleg politisk behandling. Det er lovfesta at rekneskapen skal behandlast av kommunestyret innan utgangen av juni kvart år, etter at det er revidert og behandla av kommunen sitt kontrollutval.

Saksutgreiing:

Rekneskapen for Gloppen kommune for 2012 er gjort opp med eit overskot på kr 6.956.808,42.

Overforbruk på sektorane

Likevel er det slik at fleire hovudområde har store overforbruk på drifta. Årsakene til dette er omtala i rekneskapsdokumentet og vert derfor ikkje gjenteke her. Det er berre oppvekst og kultur som har halde seg innafor si ramme. På sentral styring er overforbruket om lag 2,6 mill, oppvekst om lag 1,1 mill, på helse- og omsorg har 1,4 mill, medan teknisk, landbruk og eigedom står for 1,1 mill. Kultur har ein innsparing på om lag 0,6 mill. Totalt gjev dette eit overforbruk på vel 5,6 mill kr før vi reknar inn meirinntektene på finansieringsområdet. Samla for kommunen – om vi ser bort frå premieavviket så ville vi for 2012 hatt eit underskot på omlag 2 mill.

	Rekneskap 2012	Buds(end) 2012	%- forbruk
Sentral styring	25,199,548	22,555,000	112
Barnehagar og undervisning	105,780,960	104,672,000	101
Helseteneste og sosiale formål	139,072,317	137,660,000	101
Næringsformål	28,197,694	27,032,000	104
Kulturformål	17,536,313	18,112,000	97
Finansiering	-308,830,023	-310,031,000	102
Overskot	-6 956 808,42		
	0	0	0

Avvika er forklart i rekneskapsdokumentet.

Kvifor må kommunane ha eit positivt netto driftsresultat?

Kostnader som slitasje og elde på bygningar, inventar, maskinar osv. trekkast ikkje frå når netto driftsresultat reknast ut. Dette gjer at netto driftsresultat blir "for høgt". Kommunane må derfor ha netto driftsresultat større enn null for å ha bærekraftig økonomi. Om vi ser bort frå ekstraordinære kortsiktige svingningar i inntekter og utgifter, så må kommunesektoren ha eit netto driftsresultat på om lag 3 – 3 ½ prosent av inntektene for å være i balanse. Enkelte meiner og at 5 prosent er det rette nivået.

I tillegg til dette er det slik at overføringane til kommunane varierer frå år til år. Dersom inntektsveksten ikkje er tilstrekkeleg for å halde drifta på same nivå som året før, er det ofte trong for å kjøpe seg tid for å planlegge omstillingar som gjev varig innsparingseffekt. For å tillate seg dette må kommunane ha eit visst økonomisk handlerom.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Overskotet er med på å auke kommunen sitt økonomiske handlerom. Det er viktig med tanke på at kommunen gjennom:

- ✓ avsetningar til investeringsfond gjer det muleg å finansiere ein del investeringar utan lånefinansiering
- ✓ avsetningar til driftsfond gjer det muleg å møte utilsikta svingningar i driftsøkonomi og gir handlefridom til å tilpasse drift til økonomi når slike svingningar inntreff.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen meiner resultatet dokumenterer det vi allereie har sett, nemleg at driftsnivået i Gloppen kommune er for høgt. Utan premieavviket ville drifta hatt eit underskot på om lag 2 mill. Det pågåande moderniseringsprogrammet må halde fram og vi må gjennomføre tiltaka slik at drifta av kommunen kan gjennomførast utan årlege gjentakande underskot.

Dei siste åra har kommunen vore berga, av for oss, heldige omstendigheter i finansmarknaden. Der verden for øvrig er og har vore i finanskrisa dei siste åra, har Gloppen kommune stort sett merka dette med eit lågare rentenivå. Dette har ein stor og heldig konsekvens for oss i og med at vi har stor gjeld. Dersom rentenivået skulle stige så ville dette få ein tilsvarende uheldig effekt på rentekostnadene.

For 2012 har det positive premieavviket vore sers høgt. Man kan i og for seg seie at det er premieavviket som har gjort til at Gloppen kommune sitt rekneskap for 2012 framstår med eit så stort mindreforbruk. For dei vel 10 millionane i positivt premieavvik for 2012 er det viktig å få med seg at vi må betale tilbake med ein million kroner for kvar av dei 10 neste åra.

Revisjonen har i revisjonsmeldinga for årsrekneskapen 2012 under andre forhold merka at «Krav om renter på utlån til Gloppen Energi AS, kr. 2 983 614,- er avsett til fond utan å vere budsjettett.»

Til denne uttalen er å merke at handteringa av utlånet er i henhold til praksis etablert i rekneskapsaka 2009.

Hittil har Gloppen Energi AS betalt deler av rentekostnadane på lånet i Gloppen kommune med utbytte dei har motteke frå SFE. Det vil verte vanskeleg for selskapet å halde fram med betaling av renter på lånet frå Gloppen kommune, i og med at lånet Gloppen Energi AS har i Sparebanken Sogn og Fjordane framover må betalast med renter og avdrag. Hittil har lånet i

Sparebanken vore avdragsfritt og rentekostnadane har vorte lagt til lånet slik at det har auka med årleg lånerente, sidan oppstart av selskapet.

Rentekostnadane som ikkje er betalt til kommunen er balanseført i kommunerekneskapen som ikkje betalte krav.

I tråd med tidlegare vedtak i denne saka har kommunen sett av eit tilsvarande beløp på fond, for å møte eventuelle utfordringar Gloppen Energi AS kan få med å betale kravet. Soleis kan det kortsiktige rentekravet konverteres til langsiktig lån ved å bruke fondet. Ein vil då unngå å få driftsbelastning i kommunerekneskapen ved eventuell konvertering.

Rentenivået er basert på same rente som Gloppen energi AS betaler på dei 60 mill som selskapet har lånt i Sparebanken Sogn og Fjordane (NIBOR + 2,25%)

Pr. 31.12.2012 syner kommunerekneskapen at kr. 8 892 773,50 mill av rentekravet frå Gloppen kommune ikkje er betalt og tilsvarande står då kr. 8 892 773,50 mill på fond.


Framtidig handtering av Gloppen kommune sine eigarinteresser i Gloppen Energi vert handtert som fylgjer:

- Rentekrav inntektsførast årleg med rente tilsvarande lånevilkåra Gloppen Energi AS har på lånet sitt i Sparebanken Sogn og Fjordane
- Kortsiktig rentekrav (som er inntektsført i kommunerekneskapen) vert redusert i takt med innbetalingane.
- Gloppen kommune set av til fond eit beløp som tilsvarar rentekravet som ikkje er betalt, for å møte eventuelle utfordringar selskapet får med betalinga. Avsetjinga skal budsjetterast.
- Kommunestyret har mynde til å fastsetje rentenivået. Ved behov for å avvike frå rentefastsettjinga jfr. punktet over, vil sak verte framlagt for kommunestyret. Dette kan verte aktuelt dersom lågare rente må fastsetjast for å sikre selskapet sit eksistensgrunnlag eller høgare rente bør fastsetjast dersom selskapet kan handtere større rentebelastning.
- Rentefondet som tilsvarar rentekravet på Gloppen Energi AS er i dag klassifisert som bunde fond. «Bunde» betyr at det er eksterne aktørar (utanfor kommunen) som har sett vilkår for bruken av midlane. Etter forskrifta skal fondet være eit ubunde fond, då det er kommunestyret som har sett vilkår for bruken av midlane. Dette vil verte retta opp i rekneskapen for 2013.

Disponering av overskotet

Det er opp til kommunestyret å avgjere korleis det årlege overskotet skal disponerast. Når det er sagt er det riktig å understreke at det er viktig å halde fram med å fylle på disposisjonsfondet for å kunne takle framtidige utfordringar. I den forbindelse har rådmannen sett på bruken av disposisjonsfond dei siste fire åra.

Kommunestyret har brukt av disposisjonsfondet sektorvis slik dei fire siste åra:



Rådmannen vil framheve tre element i årsrekneskapen for 2012:

✓ **Arv – kr 100.000**

I 2012 har Gloppen kommune mottatte kr 100.000 i arv. Dette beløpet er ikkje sett av i rekneskapsavslutninga og må etter rådmannen si vurdering settast av i høve disponering av overskotet for 2012.

✓ **Jubileum Vereide kyrkje – kr 95.000**

Ved ein feil vart beløpet ikkje tilvist i 2012 og det førte til at overskotet vart tilsvarande høgare. Rådmannen meiner dette beløpet må settast av i høve til disponering av overskotet for 2012.

✓ **Møblar og kabling til rehab og heimetenesteloale – kr 280.000**

Dette vart budsjettert med kr 597.000 i 2012, men innkjøpa blei ikkje ferdig og det vil kome utgifter på dette prosjektet i 2013. Totalt er det tale om kr 280.000 som ikkje er nytta på dette prosjektet. Rådmannen meiner at også dette må disponerast av overskotet.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Kommunestyret godkjenner Gloppen kommune sin rekneskap for år 2012.
2. Overskotet for 2012, kr 6.956.808,42 nyttast slik:
 - ✓ Kr 100.000 til arv – ansvar 3321 Gloppen omsorgssenter
 - ✓ Kr 95.000 til jubileum Vereide kyrkje – ansvar 5000 Kultursjefen
 - ✓ Kr 280.000 til møblar og kabling til rehab og heimetenesteloale – ansvar 3000 Helse- og omsorgssjefen
 - ✓ Resten, kr 6.481.808,42 setjast av til disposisjonsfond – ansvar 9000 Finansieringsansvaret
3. Rådmannen får fullmakt til å gjere budsjettendringar i 2013 i tråd med punkt 2.

06.06.2013 FORMANNSKAPET

060/13 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

17.06.2013 KOMMUNESTYRET

030/13 VEDTAK:

1. Kommunestyret godkjenner Gloppen kommune sin rekneskap for år 2012.
2. Overskotet for 2012, kr 6.956.808,42 nyttast slik:
 - ✓ Kr 100.000 til arv – ansvar 3321 Gloppen omsorgssenter
 - ✓ Kr 95.000 til jubileum Vereide kyrkje – ansvar 5000 Kultursjefen
 - ✓ Kr 280.000 til møblar og kabling til rehab. og heimetenestelokale – ansvar 3000 Helse- og omsorgssjefen
 - ✓ Resten, kr 6.481.808,42 setjast av til disposisjonsfond – ansvar 9000 Finansieringsansvaret
3. Rådmannen får fullmakt til å gjere budsjettendringar i 2013 i tråd med punkt 2.

Vedtaket var samrøystes.



GLOPPEN KOMMUNE

SAKSPAPIR

SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Formannskapet	06.06.2013	059/13
Kommunestyret	17.06.2013	034/13

Avgjerd av: Kommunestyret	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: John Morten Selsvik	Arkiv: 212	13/785-2

Tertialrapport finansområdet 1. tertial 2013

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
198020	Tertialrapport 1.tertial 2013 for helse- og omsorgssektoren
198150	Tertialrapport kultur - 1. tertial 2013
198068	Tertialrapport - 1. tertial 2013 - Teknisk, kommunalteknikk, landbruk og næring
198325	Tertialrapport 1. tertial 2013 - oppvekstsektoren

Bakgrunn for saka:

Orientering om status for den økonomiske drifta i Gloppen kommune pr. 1. tertial 2013.

Saksutgreiing:

Denne saka har fokus på makroøkonomien i Gloppen kommune. Tyngda av utgiftene er lønn, difor er det essensielt at desse utgiftene er under kontroll. Ei overskriding på berre 1% vil utgjere nær 3 mill kr. på årsbasis.

1. tertial er månadane januar til og med april. Det vesentlege i rekneskapen er komen med og 1. tertialrapporten vil gje eit godt bilete på korleis rekneskapen ser ut.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Ingen. Saka er ei kortfatta analyse av drifta til og med 1. kvartal og har ikkje økonomiske konsekvensar i seg sjølv.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen vel å kommentere fylgjande utvalde områder.

- Låneporteføljen
- Skatteinntekten
- Statlege overføringar/rammetilskot
- Lønnsstatistikken

Låneporteføljen

Totaloversikt alle låna til Gloppen kommune utan startlån						
	31.12.2013		30.04.2013		30.08.2013	
	Mill NOK	%	Mill NOK	%	Mill NOK	%
Lån med NIBOR/Pt rente	201	66 %	199	62 %		
Lån med fast rente	106	34 %	104	38 %		
Samla langsiktig gjeld	307	100 %	303	100 %		

Effektiv rentekostnad sidan 31.12.2013 (kr tusen / %)			2 892	2,84 %		
Tal løpande lån	14		14			
Største enkeltlån	111		110			

Tabellen syner alle låna til Gloppen kommune pr. 30. april 2013. Samla lånegjeld er no 303 millionar. Husbanklåna / formidlingslåna er ikkje teke med.

Kommunestyret sitt vedtak om låneopptak i 2013 og ekstraløyvingane for 2012 er ikkje tekne opp pr. 30. april 2013, og er dermed ikkje med i tabellen.

Samla rentekostnad som er påløpt er kr. 2,892mill mot budsjettet rentekostnad på kr. 3,225 mill for fyrste kvartal 2013. Dette utgjør ei innsparing på renteutgifter pr. 1. tertial på vel 0,3mill.

Andelen fastrente skal, i henhold til finansreglementet, liggje på 50% av låneporteføljen. Vi ligg i dag på 38%. Justering av rentetilknypning vert gjort ved neste låneopptak, slik at føringane i finansreglementet vert fulgt.

Skatteinngangen

2013 Månad	Budsjett 2013 Akkumulert	Budsjett per måned	Faktisk inngang	Faktisk inngang akkumulert	Budsjettoppnåelse i %	Avvik i høve til budsjett akkumulert
januar	14 245 560	14 245 560	14 520 909	14 520 909	12,23 %	275 349
februar	15 432 690	1 187 130	964 525	15 485 434	13,04 %	52 744
mars	35 613 900	20 181 210	20 035 283	35 520 717	29,92 %	-93 183
april	36 801 030	1 187 130	1 253 352	36 774 069	30,98 %	-26 961

Tabellen viser skatteinngangen for dei 4 fyrste månadane i 2013. Skatteinngangen har vore om lag på prognosen fram til og med april. Pr. april har vi ei mindreinntekt på kr. 27 tusen, noko som i denne samanheng er heilt i tråd med prognosen (budsjettet).

Statlege overføringar/rammetilskot

Statlege overføringar herunder rammetilskot, vertskommunetilskot, og andre statstilskot er komen inn som budsjettet pr. 1. tertial 2013. Det kan likevel vere usikkerheit med omsyn på skatteutjamning, som vert avrekna mot skatteinntektene på landssnittet.

Lønnsstatistikken

2013 Månad	Budsjett 2013 Akkumulert	Budsjett per måned	Budsjettet betalings - inngang i % akkumulert	Samla lønnsutgift	Faktisk utgift akkumulert	Sjukalen refusjon akkumulert	Sjukalen refusjon pr. mnd	Budsjett oppnåelse i % korrigert for refusjon	Avvik i høve til budsjett akkumulert
januar	25 602 519	25 602 519	8,98 %	26 671 485	26 671 485	-1 211 621	-1 211 621	8,93 %	-142 655
februar	52 345 462	26 742 943	18,36 %	27 061 204	53 732 689	-1 335 166	-123 545	18,38 %	52 061
mars	77 947 980	25 602 519	27,34 %	25 501 202	79 233 891	-2 148 461	-813 295	27,04 %	-862 550
april	103 550 499	25 602 519	36,32 %	26 233 815	105 467 706	-2 955 375	-806 914	35,96 %	-1 038 168

Lønnsstatistikken til og med april er oppdatert inkludert sjukelønnsrefusjon for april. Statistikken viser ei innsparing tom april på 1,04 mill., etter fråtrekk frå sjukelønnsrefusjon. Dette er det store biletet som syner samla lønnsutgifter for kommunen. Avvik i den enkelte sektor vert ikkje kommentert utfyllande her.

Den sektorvise avviksstatistikken framgår av tabellen under.

Avviksoversyn Lønn - Gloppen kommune	Avvik Jan	Avvik Feb	Avvik Mar	Avvik Apr
Formannskapet	-63	-111	-172	-282
Oppvekstutvalet	-79	-204	-73	-20
Helse- og omsorgsutvalet	71	-610	-1 495	-1 569
Teknisk, landbruks utvalet	-71	1 011	904	769
Kulturutvalet	0	-35	-26	61
Avvik	-142	51	-862	-1 041

Sum lønnsutgift	bud 2013
Formannskapet	19 321
Opvekst	93 730
Helse	134 236
Teknisk, landbruk	25 495
Kultur	12 324
Sum	285 106

- Formannskapet har eit innsparing på 282 tusen.
- Oppvekstutvalet har ei innsparing på 20 tusen.
- Helse og omsorg har ei innsparing på 1 569 tusen.
- Teknisk og landbruksutvalet har eit overforbruk på 769 tusen der brorparten skriv seg frå utbetaling av brannvernlønn som vert gjort i februar og gjeld heile året. I tillegg er fellesprosjektet Vassområde Nordfjord oppstarta, men ikkje budsjettet.
- Kulturutvalet har eit overforbruk på 61 tusen.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Kommunestyret tek rapporten til vitande, men legg samstundes til grunn at administrasjonen har merksemd på utviklinga av drifts- og lønnsutgiftene for resten av 2013.
2. Rådmannen informerer formannskapet regelmessig om utviklinga framover.

06.06.2013 FORMANNSKAPET

059/13 VEDTAK:

Rådmannen si tilråding vart samrøystes innstilt.

17.06.2013 KOMMUNESTYRET

034/13 VEDTAK:

1. Kommunestyret tek rapporten til vitande, men legg samstundes til grunn at administrasjonen har merksemd på utviklinga av drifts- og lønnsutgiftene for resten av 2013
2. Rådmannen informerer formannskapet regelmessig om utviklinga framover.

Vedtaket var samrøystes.

SM 14-13

008/13: KJØP AV SEKRETARIATSTENESTER I OVERGANGSPERIODE

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 05.07.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Styret	10.07.2013	008/13	-	Ja

Saksvedlegg:

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Vedtekter for SEKOM-sekretariat, datert 26.10.2010.

Tilråding frå sekretariat til styret:

- Styreleiar og dagleg leiar får fullmakt til å kjøpe tenester frå Vest kontrollutvalssekretariat og Kontrollutvalet til Fylkeskommunen innafor budsjetttråmene til SEKOM-sekretariat.
- SEKOM-sekretariat orienterar kontrollutvalsleiarar, KRYSS-revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord om korleis SEKOM-sekretariat vil løyse kapasitets utfordring i overgangsperioden til ny rådgjevar er på plass.

STYRET SITT VEDTAK

- Styreleiar og dagleg leiar får fullmakt til å kjøpe tenester frå Vest kontrollutvalssekretariat og Kontrollutvalet til Fylkeskommunen innafor budsjetttråmene til SEKOM-sekretariat.
- SEKOM-sekretariat orienterar kontrollutvalsleiarar, KRYSS-revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord om korleis SEKOM-sekretariat vil løyse kapasitets utfordring i overgangsperioden til ny rådgjevar er på plass.

Saksutgreiing

KJØP AV SEKRETARIATSTENESTER I OVERGANGSPERIODE

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

I perioden frå Asgeir Tveit sin sluttdato og fram til ny rådgjevar har vore gjennom opplæring, vil det vere redusert kapasitet i sekretariatet. Den reduserte kapasiteten må erstattast i denne perioden.

Saksopplysningar:

Asgeir Tveit sluttar i stilling som rådgjevar i SEKOM-sekretariat den 05.08.2013. I perioden fram til ny rådgjevar tek til i jobben og fram til han har vore gjennom opplæring, vil det vere redusert kapasitet i sekretariatet til å yte tenester til kontrollutvala i alle 15 kommunane i samarbeidet. Den reduserte kapasiteten må erstattast for å kunne gje kontrollutvala dei tenestene dei har rett på.

Sekretariatet har vore i kontakt med mest nærliggande kontrollutvalssekretariata for å høyre med dei om dei kan hjelpe oss med kapasitet i denne perioden.

Både Vest kontrollutvalssekretariat (Sekretariat på søre Sunnmøre og to kommunar i Nordfjord) og Kontrollutvalet til Fylkeskommunen har stilt seg positive til å hjelpe i perioden fram til ny rådgjevar er i fullt operativ.

Kontrollutvalsleiarar, KRYSS-revisjon og Kommunerevisjonen i Nordfjord bør orienterast om korleis vi vil løyse utfordringa med kapasitet i denne perioden.

Sekretariatet sine vurderingar:

018/13: FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – FORVALTNING, DRIFT OG VEDLIKEHALD AV KOMMUNAL EIGEDOMSMASSE - TINGING

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 06.08.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	22.08.2013	018/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

-
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- RSK 001

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Tingsingsdokumentet for forvaltningsrevisjonsprosjektet "Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse" vert godkjent.
- Tingsingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonalisering.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT – FORVALTNING, DRIFT OG VEDLIKEHALD AV KOMMUNAL EIGEDOMSMASSE - TINGING

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Tinging av forvaltningsrevisjonsprosjekt "Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse."

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte den 31.11.2012 i sak 031/12 «Forvaltningsrevisjonsprosjekt – prosjektplanlegging i Gloppen kommune», vart det gjort følgjande vedtak:

- *Tinginga for prosjektet "Prosjektstyring i Gloppen kommune".*
- *-Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonalisering.*
- *Kommunerevisjonen i Nordfjord vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga.*

I e-post frå Kommunerevisjonen i Nordfjord den 24.05.2013 «Rokkering av prioritet forvaltningsrevisjon?» blir følgjande spørsmål stilt til kontrollutvalet:

Gloppen kommune har «Prosjektstyring i Gloppen kommune» som 1. prioriterte forvaltningsrevisjonsprosjekt.

Vi held no på med den første av i alt fem prosjekt om vedlikehald og ønskjer å fortsetje med denne typen prosjekt utan avbrot. Difor vil eg be deg ta opp spørsmålet med kontrollutvalet i Gloppen, om prosjekt 1 og 2 i Gloppen kan bytte plass?

Viser til korrespondanse nedanfor her med rådmannen i Gloppen.

I kontrollutvalsmøte den 29.05.2013 i sak 013/13 «Forvaltningsrevisjonsprosjekt – forslag til endring av prosjekt», vart det gjort følgjande vedtak:

Kontrollutvalet vedtek å endre rekkefølje på forvaltningsrevisjonsprosjekt i forhold til "Plan for forvaltningsrevisjon - Gloppen kommune"

- Forvaltningsrevisjonsprosjekt "Prosjektplanlegging i Gloppen kommune" blir utsett, og prosjekt "Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse" blir prioritert først.

- Sekretariatet få i oppgåve å utforme tinging til neste møte i kontrollutvalet.

SEKOM-sekretariat har no utarbeidd eit utkast til tinging av nytt prosjektet som etter planen har prioritet to; «Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse». Utkastet ligg ved.

Etter vedtak i kontrollutvalet vil tinginga bli sendt til KIN, som vil operasjonalisere og gje tilbakemelding på tinginga.

Vidare handsaming av prosjektet vil bli tilnærma som følgjande:

- Oversending av tinginga til KIN.
- Tilbakemelding frå KIN vedr. tingsdokumentet med tidsplan for gjennomføring.
- Handsaming av tilbakemelding frå KIN i kontrollutvalet.
- Innhenting av status gjennom prosessen.
- Fortlaufande tilbakemeldingar til kontrollutvalet.
- Fortlaufande dialog rundt prosjektet med høve til revurdering av problemstillingar med meir. Initiativ frå KIN.
- Levering av prosjekt KIN til SEKOM
- Handsaming av rapport i kontrollutvalet.
- Handsaming av rapport i kommunestyret.
- Oppfølging av kommunestyret sitt vedtak eit år etter vedtak i kommunestyret

Sekretariatet sine vurderingar:

Det vert vist til saksutgreiinga.

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Kommunerevisjonen i Nordfjord
Tonningsgata 4

6783 Stryn

Sandane 22. august 2013

TINGING AV FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT « FORVALTNING, DRIFT OG VEDLIKEHALD AV KOMMUNAL EIGEDOMSMASSE » - GLOPPEN KOMMUNE

Prosjektnamn

Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse.

Bakgrunn for undersøkinga

Forvaltningsrevisjon er heimla i kommunelova § 77 pkt. 4 og i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar kap. 5. I § 9 i forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at det årleg vert gjennomført forvaltningsrevisjon av verksemda i kommunen.

Kontrollutvalet i Gloppen gav 23.08.2012 kommunestyret i Gloppen tilråding om plan for forvaltningsrevisjon. Kommunestyret i Gloppen gjorde i sak 080/12 Plan for forvaltningsrevisjon vedtak i saka.. Kontrollutvalet handsama tinging av prosjektet i sak 018/13 22.08.2013.

Formål med undersøkinga

Dei styrande organ i Gloppen kommune ynskjer ei vurdering av om systemet for forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse er tilfredstillande.

Avgrensing av undersøkinga

Kontrollutvalet ynskjer ei vurdering av om systemet for vedlikehaldet av kommunal bygningsmasse i Gloppen kommune er tilfredstillande.

Aktuelle problemstillingar og vilkår for prosjektet

- I kva grad har Gloppen kommune gode system for planmessig vedlikehald av eigedomsmassen?

Økonomi

Prosjektet skal gjennomførast innanfor dei tildelte ressurstimane i avtalen med leverandør .

Kjeldegrunnlag

Kommunelova.
Plan for forvaltningsrevisjon 2012 – 2015.

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

RSK001.
NOU 2004:22

Rapportering

Revisor skal gje tilbakemelding til kontrollutvalet på tingingsdokumentet i samsvar med føresegnene i RSK001. Jfr særskilt pkt. 11, 12, 16, 19 og 20.
Det vil bli innhenta status frå revisor framfor møte i kontrollutvalet inntil rapport vert levert.
Rapport skal leverast innan 15. november 2013.

Tinginga er vedteken godkjent i kontrollutvalet såleis:

Sak 18/13 22. august 2013.

Bjarne Bø (s)
-kontrollutvalsleiar-

Vidar Øvrebø
SEKOM-sekretariat

Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks	Org nr.	Bankgiro
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 Vø 951 39 762 Vø	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

019/13: ADMINISTRASJONSUTVALSSAK 008/13 «NYTT OMSTILLINGSREGLEMENT»

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø SEKOM- sekretariat
Dato: 06.08.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	22.08.2013	019/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyret	-	-	-	Nei

Saksvedlegg

- Brev frå kontrollutvalet til rådmann i Gloppen kommune – «Vedrørande administrasjonsutvalssak 008/13 Nytt omstillingsreglsment», datert 04.05.2013.
- Brev frå kontrollutvalet til administrasjonsutvalet i Gloppen kommune – «Vedrørande administrasjonsutvalssak 008/13 Nytt omstillingsreglsment», datert 04.05.2013.
- Brev frå rådmannen i Gloppen kommune til kontrollutvalet – «Administrasjonsutvalssak 008/13 nytt omstillingsreglement. Svar på spørsmål frå kontrollutvalet.», datert 24.06.2013.
- Brev frå Gloppen kommune til kontrollutvalet – «Vedrørande administrasjonsutvalsak 008/13. Uttale frå administrasjonsutvalet», datert 25.06.13.
- Brev frå Gunnvor Sunde til kontrollutvalet i Gloppen – Møteboka til administrasjonsutvalet frå 25. april 2013, sak 8/13, datert 25.06.2013.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- E-post frå Gunnvor Sunde, leiar for samfunnsdemokratane – «Protokollføringa i gloppen kommune», datert 28. mai 2013. (Utdelt i KU møte 29.05.2013.)
- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kontrollutvalssak 011/13

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Kontrollutvalet tek orienteringar frå rådmann og administrasjonsutval til vitande.

Kontrollutvalet sitt vedtak:

ADMINISTRASJONSUTVALSSAK 008/13 «NYTT OMSTILLINGSREGLEMENT»

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø.

Innleiing – Kva saka gjeld

Kontrollutvalet har bede rådmannen og administrasjonsutvalet om ei skriftlege uttale vedrørande påstandane i e-post frå Gunnvor Sunde om manglande protokollføring og saksutgreiing i administrasjonsutvalet og spesiselt i sak 008/13 «Nytt omstillingsreglement».

Saksopplysningar:

I kontrollutvalsmøte den 29.05.2013 vart det utdelt e-post frå Gunnvor Sunde, leiar for samfunnsdemokratane – «Protokollføringa i Gloppen kommune».

I e-posten skriv ho følgjande:

Grunna manglar i protokollføringa i administrasjonsutvalet (admu) generelt (saksutsending og skriftleggjeriing i orienteringssaker) og protokollen i sak

008/13 spesielt, ber eg kommunestyret om å bli løyst frå vervet som leiar for Admu.

Eg kan som leiar, ikkje skrive under protokollane frå dei to siste admu-møta den 25.04. og 23.05. før kontrollutvalet har gjort ei vurdering av ordlyden i nytt omstillingsreglement, då eg meiner denne er i strid med protokollen etter møtet, der det ikkje kjem fram kva endringar som er gjorde av utvalet.

Omstillingsreglementet som er journalført er datert med to forskjellige datoar 27.02.13 og 25.04.13 og i følgje ein e-post frå administrasjonen, er omstillingsreglementet "oppjustert" i tråd med vedtaket vårt i Admu.

Ein protokoll må vise nøyaktig kva endringar som er gjorde av utvalet.

Kvar er den opprinnelege tilrådinga frå rådmannen blitt av?

Korleis kjem endringane utvalet gjorde til syne i vedtaket?

Kvar er høyringssvara?

E-posten frå Gunnvor Sunde vart delt ut i kontrollutvalsmøte den 29.05.2013 under sak 11/13 «Skriv og meldingar», og kontrolutvalet gjorde følgjande vedtak:

Ad SM 09-13 E-post frå leiar for Samfunnsdemokratane - "Protokollføringa i Gloppen kommune", datert 28. mai 2013. (Utdelt i møtet).

- *Kontrollutvalet ber sekretariatet innhente uttale frå rådmannen og Administrasjonsutvalet samt hente inn sakstilfang vedrørande administrasjonsutvalssak 008/13 "Nytt omstillingsreglement" til neste møte i kontrollutvalet.*

I brev den 04.05.2013 ber sekretariatet for kontrollutvalet om ei skriftlege uttale både frå rådmannen og administrasjonsutvalet vedrørande påstandane i e-post om manglande protokollføring og saksutgreiing i administrasjonsutvalet, og spesiselt i sak 008/13 «Nytt omstillingsreglement». Det blir også bedt om heile sakstilfanget til administrasjonsutvalssak 008/13 «Nytt omstillingsreglement».

I svarbrev frå rådmannen står det følgjande:

I samband med denne gjennomgangen av saka, ser rådmannen at spørsmåla som er stilt til

kontrollutvalet kan kome på grunn av at dokumenta sendt ut med e-post 24.04 ikkje er lagt til sak 008/13, men er sjølvstendige, registrerte saksdokument. Dokumenta er registrert i arkivet, men ikkje lagt til saka. Rådmannen er gjort oppmerksom på dette og vil rette opp denne feilen slik at alle dokumnet kjem fram i vedlggslista til sak 008/13. Det gjer det lettare for offentlegheita å få fullt innsyn i alle dokument knytt til saka.

Det vert elles vist til vedlagt uttale frå rådmannen i brev den 24.06.2013 –
«Administrasjonsutvalssak 008/13 nytt omstillingsreglement. Svar på spørsmål frå kontrollutvalet.»

Administrasjonsutvalet gjorde følgjande vedtak i sak 016/13 «Uttale til kontrollutvalet i protokolleringssak»

Uttale til kontrollutvalet i protokolleringssak:

Denne saka gjeld spørsmålet om vedtaks-protokollen i sak 008/13, «Omstillingsreglement – Gloppen kommune» er korrekt.

Til møte 25.04.2013 i administrasjonsutvalet, sak 008/13 «Omstillingsreglement – Gloppen kommune» hadde rådmannen slik tilråding: «Administrasjonsutvalet godkjenner nytt reglement for omstillingsarbeid slik det ligg føre».

Framlegg frå Gunnvor Sunde: «Med atterhald om at Fylkesmannen ikkje har merknader i lovlegkontrollen, godkjenner administrasjonsutvalet nytt reglement slik det ligg føre».

Administrasjonsutvalet vil streke under at det ikkje vart teke opp andre framlegg til avrøysting.

Avrøysting: Framlegget frå Gunnvor Sunde fekk ei røyst og fall.

Vedtak: «Administrasjonsutvalet godkjenner nytt reglement for omstillingsarbeid slik det ligg føre».

Vedtaket vart gjort mot ei røyst.

Administrasjonsutvalet stadfester med dette at rådmannen si protokollføring, sak 008/13 frå møte 25.04.2013 i Administrasjonsutvalet, er korrekt.

I Administrasjonsutvalet sitt møte 23.05.2013, sak 009/13, Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste, hadde rådmannen slik tilråding:

- 1. Administrasjonsutvalet godkjenner møteboka frå sitt møte 25. april 2013*
- 2.*

Administrasjonsutvalet godkjende møteboka frå sitt møte 25 april samrøystes.

Konklusjon:

Ut frå det som er gjort greie for om avrøysting og vedtak i sak 008/13 i møte 25.04.2013 i administrasjonsutvalet og godkjenning av møtebok frå same møtet (sak 009/13), kan ikkje administrasjonsutvalet sjå at det finst sakleg grunnlag for klagen til kontrollutvalet.

Administrasjonsutvalet meiner klagen må avvisast.

Administrasjonsutvalet vil likevel merke at grunna feil vart ikkje siste framlegget til omstillingsreglement frå rådmannen gjort tilgjengeleg for ålmenta gjennom Gloppen

kommune si internett side, då det ikkje var knytt til sjølve saka. Administrasjonsutvalet er kjend med at dette blir retta opp.

Det vert ellers vist til oversendingsbrev og vedlagt møteprotokoll frå administrasjonsutvalsmøte den 25.06.2013.

I brev til kontrollutvalet den 25.06.2013 skriv Gunnvor sunde følgjande:

Bakgrunnen for kravet er at eg meiner det ikkje går fram av møteboka kva som vart lagt fram for administrasjonsutvalet frå rådmannen, og det er derfor heller ikkje råd å lese av møteboka kva som vart vedteke når protokollen berre seier at

«Administrasjonsutvalet godkjenner nytt reglement for omstillingsarbeid slik det ligg føre.»

Eg legg til grunn at det frå rådmannen si side og frå dei andre medlemmene i utvalet ikkje er usemje om at det var dette som faktisk skjedde ved behandlinga av saka:

- 1. 22. april 2013 vart saklista til møtet, der rådmannen sit framlegg til nytt reglement sendt ut til medlemmene av utvalet på vanleg måte. Saklista med vedlegg vart samstundes lagt ut på kommunen si heimeside.*
- 2. Dagen etter, den 23. april, var det møte i «Styringsgruppa for moderniseringsprogrammet», som gjekk gjennom det framlegget til nytt reglement som rådmannen hadde sendt ut til medlemmane. Styringsgruppa hadde fleire edringsframlegg til rådmannen sitt framlegg.*
- 3. Etter møtet i styringsgruppa var deira framlegg til endringar sendt ut på e-post frå rådmannen til medlemmane i administrasjonsutvalet. Det var dette framlegget som vart drøfta av administrasjonsutvalet og vedteke på møtet den 25. april – ikkje rådmannen sitt framlegg som følgde saklista til møtet.*

Det blir ellers vist til vedlagt brev frå Gunnvor Sunde.

Sekretariatet sine vurderingar:

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Gloppen kommune
v/Rådmannen
Gandavegen 9
6823 SANDDANE

Førde, 04.05.13

Dykkar ref.:

Vår ref.: VØ

Jnr.: 203/13

Arkiv: Gloppen

VEDRØRANDE ADMINISTRASJONSUTVALSSAK 008/13 «NYTT OMSTILLINGSREGLEMENT»

I kontrollutvalsmøte i Gloppen den 29.05.2013 i sak 011/13 «Skriv og meldingar» vart det gjort følgjande vedtak:

Ad SM 09-13 E-post frå leiar for Samfunnsdemokratane - "Protokollføringa i Gloppen kommune" datert 28. mai 2013. (Utdelt i møtet).

Kontrollutvalet ber sekretariatet innhente uttale frå rådmannen og Administrasjonsutvalet samt hente inn sakstilfang vedrørende administrasjonsutvalssak 008/13 "Nytt omstillingsreglement" til neste møte i kontrollutvalet.

Vi ber difor om rådmannen sin skriftlege uttale vedrørende påstandane i vedlagte e-post om manglande protokollføring og saksutgreiing i administrasjonsutvalet og spesiselt i sak 008/13 «Nytt omstillingsreglement». Kontrollutvalet ber også om heile sakstilfanget til administrasjonsutvalssak 008/13 «Nytt omstillingsreglement» vert sendt til kontrollutvalet sitt sekretariat.

Vi ber om at sekretariatet har dette i hende innan 25. juni 2013.

For kontrollutvalet

Vidar Øvrebo

SEKOM-sekretariat

Vedlegg 1

Org nr.	Bankgiro	Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571

SEKOM-sekretariat

Sekretariat for dei kommunale kontrollutvala i Askvoll, Bremanger, Eid, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Gulen, Hornindal, Hyllestad, Jølster, Naustdal, Solund og Stryn

Administrasjonsutvalet i Gloppen kommune
Gandavegen 9
6823 SANDDANE

Førde, 04.05.13

Dykkar ref.:

Vår ref.: VØ

Jnr.: 204/13

Arkiv: Gloppen

VEDRØRANDE ADMINISTRASJONSUTVALSSAK 008/13 «NYTT OMSTILLINGSREGLEMENT»

I kontrollutvalsmøte i Gloppen den 29.05.2013 i sak 011/13 «Skriv og meldingar» vart det gjort følgjande vedtak:

Ad SM 09-13 E-post frå leiar for Samfunnsdemokratane - "Protokollføringa i Gloppen kommune" datert 28. mai 2013. (Utdelt i møtet).

Kontrollutvalet ber sekretariatet innhente uttale frå rådmannen og Administrasjonsutvalet samt hente inn sakstilfang vedrørende administrasjonsutvalssak 008/13 "Nytt omstillingsreglement" til neste møte i kontrollutvalet.

Vi ber difor om Administrasjonsutvalet sin skriftlege uttale vedrørende påstandane i vedlagte e-post om manglande protokollføring og saksutgreiing i administrasjonsutvalet og spesiselt i sak 008/13 «Nytt omstillingsreglement».

Vi ber om at sekretariatet har dette i hende innan 25. juni 2013.

For kontrollutvalet



Vidar Øvrebo

SEKOM-sekretariat

Vedlegg 1

Org nr.	Bankgiro	Postadresse	Kontoradresse	E-post	Telefon	Telefaks
Postboks 338 6802 FØRDE	Hafstadvegen 21	post@sekom.no	57 82 22 90 At 976 15 363 At 57 82 02 00 VØ 951 39 762 VØ	57 72 20 10	987 631 554	3705.08.32571



215/13

GLOPPEN KOMMUNE

RÅDMANNEN

SEKOM-sekretariatet

Postboks 338
6802 FØRDE

Att:

Dykkar ref

Vår ref (oppkje ved svar)
13/7888

Dato
24.06.2013

Administrasjonsutvalssak 008/13 Nytt omstillingsreglement. Svar på spørsmål frå kontrollutvalet.

Syner til brev av 04.05.2013 der rådmannen blir bed om å kome med skriftleg uttale vedrørende påstandar om manglande protokollføring og saksutgreiing i administrasjonsutvalet generelt og spesielt i sak 008/13.

Rådmannen vel å kommentere den spesielle saka, ADMU-sak 008/13, då det ikkje er kjend at det generelt har vore manglar ved protokollføring og saksutgreiingane til utvalet. Rådmannen blir bed om å kommentere påstandane i e-post datert 28.05.2013 frå Gunnvor Sunde, SD.

ADMU-møtet 25.04.2013

Etter at saksdokument til sak 008/13 var sendt ut med innkalling og saksliste vart følgjande gjort av rådmannen:

E-post datert 24.04.2013 med endra tilråding vart sendt frå rådmannen til medlemane i administrasjonsutvalet. Årsaka til endra tilråding var innspel til endringar som kom i møte mellom rådmann og styringsgruppa for moderniseringsprogrammet i kommunen. Møte i styringsgruppa vart ikkje halde før 23. april fordi det ikkje lot seg gjere å samle medlemane tidlegare.

Følgjande dokument vart samstundes sendt til medlemane:

Dok.nr 12/1752-49 «Referat frå møte i styringsgruppa moderniseringsprogrammet 23. april» datert 24.04.2013

Dok.nr 12/1752-44 «Høyringsuttale om reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune frå Utdanningsforbundet i Gloppen» datert 11.04.2013

Dok.nr 12/1752-43 «SV: Høyring på Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune» datert 09.04.2013

I sjølve møte påpeika leiar i utvalet Gunnvor Sunde sein utsending av saker til møte i administrasjonsutvalet. Leiaren i utvalet meinte at sein utsending gjekk utover handsaminga til utvalet og ønskte å utsetje saka. Sekretæren/ rådmannen oppfatta ikkje at resten av medlemmane i utvalet delte dette synet. Det vart ikkje fremja forslag om å utsette handsaminga og då heller ikkje røysta om utsetting av saka. Grunnlaget for å handsame saka var etter utvalet si vurdering godt nok. Som del av saksførebuinga var saka drøfta med tillitsvalde.

Administrasjonsutvalet tok seg tid til å gjennomgå det endra framlegget frå rådmannen sendt ut 24.04. Leiaren i utvalet konkluderte etter gjennomgangen, slik sekretæren/ rådmannen oppfatta det, med at administrasjonsutvalet godkjenner «Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune» basert på det nye framlegget som var. Det kom ikkje motseiingar på dette.

Rådmannen meiner at vedtaket «Administrasjonsutvalet godkjenner nytt reglement for omstillingsarbeid slik det ligg føre» i sak 008/13 gjev eit riktig bilete. Sekretæren/ rådmannen vil og peike på at leiaren i utvalet delte denne forståinga i sitt framlegg til vedtak: «Med atterhald om at Fylkesmannen ikkje har merknader i lovlegheitkontrollen godkjenner administrasjonsutvalet nytt reglement for omstillingsarbeid slik det ligg føre».

Sekretæren/ rådmannen meiner at det var ei ryddig sakshandsaming frå utvalet si side i denne saka og i møte generelt.

Manglar i protokollføring

Det førekjem at ein møteprotokoll ikkje er rett ev ikkje er presis nok i høve kva vedtak eit utval har fatta. For å sikre seg mot slike tilfelle er det etablert ein rutine som inneber at møteprotokollen kjem opp til godkjenning i påfølgande møte i eit utval. Ved ev feil i møteprotokollen er praksis at protokollen blir godkjent med endringar (Protokollert: godkjent med følgande endringar:.....).

Dette er standard rutine, som rådmannen som sekretær i diverse utval, held seg til.

ADMU-møtet 23.05.2013

I forkant av ADMU-møtet 23.05.13 fekk rådmannen melding om at det var feil i møteprotokollen for sak 008/13. Dette er inga stor sak, då utvalet gjennom godkjenning av protokollen ville syte for protokollering av riktig vedtak i saka.

I møtet den 23.05. kom det framlegg frå utvalsleiar om at ADMU ikkje kunne godkjenne protokollen frå møtet 25.04. på grunn av feil. Rådmannen ba om ordet og gjorde greie for rutinen nemnd over: at det er vanleg prosedyre å godkjenne møteboka med dei endringane/rettingane som utvalet finn naudsynte. Utvalsleiar gjekk vidare med behandling av saka basert på at ein skulle følgje denne prosedyren. Rådmannen avventa kva vedtak utvalet kome fram til, for å kunne protokollere dei endringane som blei vedtatt.

Utvalsleiar opna for debatt om kva endringar som skulle gjerast i protokollen. I sitt innspel synte ho til at vedtaket som blei protokollert ikkje synte detaljane i ADMU sitt vedtak. Påfølgande debatt synte at øvrige medlemmer i ADMU ikkje fann at det var grunn til å gjere endringar, og ville godkjenne møteprotokollen slik den var.

Undervegs i det ordsiftet som oppsto, høyrdest det ut til at møteleiar var usamd i vedtaket som ADMU hadde gjort i sak 008/13 i møtet 25.04. Rådmannen ba om ordet og sa at viss det

var dette som var problemstillinga – at utvalsleiar var usamd med fleirtalet i utvalet – kunne ho ikkje gjere framlegg om nytt vedtak i saka under punktet om godkjenning av protokollen. Det ville vere saksbehandlarfeil, då protokollen må syne kva vedtak som blei gjort i det aktuelle møtet. Utvalet måtte godkjenne protokollen frå førre møtet, basert på det som hadde skjedd i det møtet. Viss det var eit ønskje om å gjere eit anna vedtak i saka, måtte utvalsleiar be utvalet om å ta saka opp til ny behandling.

I samband med denne gjennomgangen av saka, ser rådmannen at spørsmåla som er stilt til kontrollutvalet kan kome på grunn av at dokumenta sendt ut med e-post 24.04 ikkje er lagt til sak 008/13, men er sjølvstendige, registrerte saksdokument. Dokumenta er registrert i arkivet, men ikkje lagt til saka. Rådmannen er gjort merksam på dette og vil rette opp denne feilen slik at alle dokument kjem fram i vedleggslista til sak 008/13. Det gjer det lettare for offentlegheita å få fullt innsyn i alle dokument knytt til saka.

Med helsing

Marit Elisabeth Larssen
rådmann
tlf. 997 24 798

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
195685	Omstillingsreglement - Gloppen kommune
191514	Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommunen - oversikt
191546	Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune
191554	Innkalling til omstillingssamtale - mal
191555	Referat frå omstillingssamtale - mal
195686	Omstillingsreglement 26. januar 2009
195006	Tilbakemelding på høyring - reglar for omstillingsarbeid i Gloppen kommune
195007	Høyring på reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune
195008	image001.png
195009	Høyring på reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune
195010	Omstillingsarbeidet
195011	image001.png



SAKSGANG		
Styre, utval, komite m.m.	Møtedato	Saksnr
Administrasjonsutvalet	25.04.2013	008/13

Avgjerd av: Administrasjonsutvalet	Objekt:	Arkivsaknr.:
Saksbehandlar: Pål Sandal	Arkiv: 034	12/1752-47

Omstillingsreglement - Gloppen kommune

Vedlegg:

Dok.nr	Tittel på vedlegg
191514	Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommunen - oversikt
191546	Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune
191554	Innkalling til omstillingssamtale - mal
191555	Referat frå omstillingssamtale - mal
195686	Omstillingsreglement 26. januar 2009

Bakgrunn for saka:

Rådmannen har utarbeida eit nytt forslag til omstillingsrelement. Dette har vore på høyring til organisasjonane i kommunen og vert no lagt fram for endeleg handsaming og avgjerd i administrasjonsutvalet.

Årsaka til at det er utarbeida eit nytt forslag til reglement er at det gjeldande reglementet datert 26. januar 2009 er utdatert og inneheld fleire feil.

Saksutgreiing:

Det er utarbeida eit oppdatert hovuddokument. Det er vidare laga ein eigen oversikt over saksgangen ved omstilling av tilsette. Denne er henta frå hovuddokumentet og skal gjere det enklare å få nødvendig oversikt.

Det er og laga mal for innkalling til omstillingssamtale og mal for referat frå ei slik samtale. Føremålet er å gjere samtalane og saksgangen meir føreseieleg for tilsette. Malar vil også hjelpe leiarar og andre medarbeidarar med personalansvar til å få meir lik praksis i omstillingsarbeid.

Økonomiske konsekvensar for kommunen:

Ingen.

Rådmannen si vurdering:

Rådmannen meiner at det er nødvendig å få på plass eit oppdatert omstillingsreglement. Dette er spesielt viktig i det pågåande moderniseringsarbeidet for å klargjere reglande som skal gjelde for tilsette ved omstilling.

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Administrasjonsutvalet godkjenner nytt reglement for omstillingsarbeid slik det ligg føre.

25.04.2013 ADMINISTRASJONSUTVALET

Framlegg frå **Gunnvor Sunde (SD)**:

Med atterhald om at Fylkesmannen ikkje har merknader i lovlegeitkontrollen godkjenner administrasjonsutvalet nytt reglement for omstillingsarbeid slik det ligg føre.

Framlegget fekk ei røyst og fall.

008/13 VEDTAK:

Administrasjonsutvalet godkjenner nytt reglement for omstillingsarbeid slik det ligg føre.

Vedtaket vart gjort mot ei røyst.



Arkivopplysningar 12/1752-17 / / 034 / /

Dato: 27.02.2013

Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommunen - oversikt

Denne oversikta er henta frå § 2-2 i «Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune» datert 25.04.2013.

Slik foregår omstilling

1. Straks ein tilsett er definert som overtalig, skal den tilsette og hovudtillitsvald (dersom tilsette er organisert) informerast om dette.
1. Arbeidsgjevar gjennomfører ein samtale med den overtalige for å kartlegge kompetanse, ynskje og moglegheiter. Den overtalige har høve til å ha med tillitsvald eller annan rådsgjevar.
2. Kommunen er forplikta til å prøve å finne annan passande stilling – helst på same nivå som tidlegare.
3. Arbeidsgjevar skal informere den overtalige straks ei passande stilling vert ledig og henvende seg til tenestestaden som har den ledige stillinga.
4. Den tilsette kan vende seg til sin arbeidsgjevar når interessante stillingar dukker opp.
5. Før nokon lyser ut ei ledig stilling, skal det undersøkast om det finnast kvalifiserte tilsette i kommunens oversikt over overtalige.
6. Når den overtalige er kvalifisert for stillinga, skal denne velgjast uavhengig av om det er betre kvalifiserte søkarar.
7. Dersom det er fleire overtalige som er kvalifisert for den same stillinga, må det gjennomførast eit val blant dei overtalige etter følgjande kriterie i prioritert rekkefølge: (1) arbeidsgjevar sitt behov for kvalifisert og kompetent arbeidskraft, (2) kompetanse og (3) kvalifikasjonar innan arbeidsområdet.
Om overtalige står likt etter dei prioriterte kriteria, så er det dei med kortast teneste innan sitt arbeidsområde i kommunen som vert sagt opp.
8. Dersom den overtalige vert vurdert som ikkje kvalifisert skal det gjerast ei endeleg drøfting før ei avgjerd om oppseiing vert fatta.
9. Kommunen kan seie opp tilsette som takkar nei til ei ny stilling.
10. Arbeidstakarar som er sagt opp på grunn av omstilling har førehandsrett til ny tilsetting i kommunen, med mindre det gjeld ei stilling arbeidstakaren ikkje er kvalifisert for. Retten gjeld i 1 år frå oppseiingsfristen går ut.



Arkivopplysningar 12/1752-18 / / 034 / /

Dato: 27.02.2013

Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune

Fastsett/vedteke av administrasjonsutvalet den 25.04.2013, sak 008/13

I: Generelt

§ 1-1 Omfang og virkeområde

Reglane omfattar alle tilsette i Gloppen kommune med eit fast eller tidsavgrensa tilsettingsforhold, unnateke rådmannen sjølv.

Reglane gjeld for omplassering og/eller nedbemanning i samband med omstilling.

§ 1-2 Rammer

Alt omstillingsarbeid skal skje innanfor rammene av aktuelt lov-, avtale- og regelverk.

§ 1-3 Definisjonar

a. Stillingsbank er ei oversiktsliste over ledige og overtallige personar. Avdelingane melder desse inn til stillingsbanken v/personalrådgjevar.

b. Kompetanse er den enkelte si evne til å løyse ei gitt oppgåve. Kompetanse er formal- og realkompetanse (summen av kunnskap, haldningar, dugleik og vilje kopla til ei konkret oppgåve eller situasjon).

c. Kvalifikasjon er det nivået ei formell utdanning/ein eksamen gjev rett til å praktisere på.

d. Konkurranseansiennitet er opptent ansiennitet (tenestetid) innan definert arbeidsområde i Gloppen kommune.

e. Administrativt arbeidsområde. Gloppen kommune som administrativt arbeidsområde er heile kommunen sett under eitt - i motsetnad til den enkelte driftseining (arbeidsplass).

f. Fagleg arbeidsområde gjeld inndeling i ulike, konkrete fag- og profesjonsgrupper som t.d. reinhaldarar, vaktmeistrar, omsorgsarbeidarar, sjukepleiarar, musikkterapeutar, førskulelærarar m.m.

II: Omstillingsarbeidet

§ 2-1 Drøfting m.m med tillitsvalde

Arbeidsgjevar informera, drøfter og tek dei tillitsvalde med på råd så tidleg som mogleg i omstillingsprosessen. Jf Hovudavtalen del B, § 1-4-1.

§ 2-2 Arbeidsgangen ved omstilling

1. Straks ein tilsett er definert som overtalig, skal den tilsette og hovudtillitsvald (dersom tilsette er organisert) informerast om dette.
2. Arbeidsgjevar gjennomfører ein samtale med den overtalige for å kartlegge kompetanse, ynskje og moglegheiter. Den overtalige har høve til å ha med tillitsvald eller annan rådsgjevar.
3. Kommunen er forplikta til å prøve å finne annan passende stilling – helst på same nivå som tidlegare.
4. Arbeidsgjevar skal informere den overtalige straks ei passende stilling vert ledig og henvende seg til tenestestaden som har den ledige stillinga.
5. Den tilsette kan vende seg til sin arbeidsgjevar når interessante stillingar dukker opp.
6. Før nokon lyser ut ei ledig stilling, skal det undersøkast om det finnst kvalifiserte tilsette i kommunens oversikt over overtalige.
7. Når den overtalige er kvalifisert for stillinga, skal denne velgjast uavhengig av om det er betre kvalifiserte søkarar.
8. Dersom det er fleire overtalige som er kvalifisert for den same stillinga, må det gjennomførast eit val blant dei overtalige etter følgjande kriterie i prioritert rekkefølge: (1) arbeidsgjevar sitt behov for kvalifisert og kompetent arbeidskraft, (2) kompetanse og (3) kvalifikasjonar innan arbeidsområdet.
Om overtalige står likt etter dei prioriterte kriteria, så er det dei med kortast teneste innan sitt arbeidsområde i kommunen som vert sagt opp. Jf. Hovudtariffavtala for KS-området kap 1 §3 pkt 3.3. Sjå også § 4-5.
9. Dersom den overtalige vert vurdert som ikkje kvalifisert skal det gjerast ei endeleg drøfting før ei avgjerd om oppseiing vert fatta.
10. Kommunen kan seie opp tilsette som takkar nei til ei ny stilling.
11. Arbeidstakarar som er sagt opp på grunn av omstilling har førehandsrett til ny tilsetting i kommunen, med mindre det gjeld ei stilling arbeidstakaren ikkje er kvalifisert for. Retten gjeld i 1 år frå oppseiingsfristen går ut. Jf. Arbeidsmiljølova §14-2.

III: Rådmannen sine oppgåver i omstillingsarbeidet

§ 3-1 Oppgåver i omstillingsarbeidet

Rådmannen si hovudoppgåve i omstillingssaker er - i samarbeid med aktuelle avdelingar og hovudtillitsvalde - å handsame og avgjere saker knytt til omplassering av tilsette. Rådmannen er ansvarleg for kommunen sin stillingsbank, og personalrådsgjevar er koordinator i innsamlingsarbeidet.

Andre viktige oppgåver i dette arbeidet er:

1. Tolke definerte faglege arbeidsområde og prioritere mellom konkurransevilkår i nedbemanningssaker.
2. Lage framlegg til nødvendige prosedyrar/endring av prosedyrar i nedbemanningssaker.
3. I samarbeid med avdelingane vurdere kompetansebehov og kva funksjonar som må vere

dekke for å halde drifta på eit forsvarleg nivå, heile kommunen sett under eitt.

4. Motivere til fleksibilitet og omstillingsvilje.

5. Vurdere og eventuelt lage framlegg til tiltak for spesielle grupper tilsette, t d eldre arbeidstakarar, i ein omstillingssituasjon.

6. I den grad det er mogleg, hjelpe til med å formidle arbeid utanom kommunen til dei som er/blir overtallige.

7. Andre aktuelle saker.

IV: Prinsipp og reglar for omplasseringsarbeidet

§ 4-1 Prinsipp og saksbehandling ved omplasseringar

Retningsgjevande prinsipp for verksemda i omplasseringsarbeidet blir:

1. Ikkje frivillige omplasseringar skal behandlast innanfor rammene i lov- og avtaleverket i samsvar med krava til saklegheit som gjeld ved oppseiingar.

2. Omplasseringar skal gjerast på ein slik måte at dei fører til minst mogleg ulemper for brukarane og dei tilsette.

3. Ved alle omplasseringar skal det framgå av tilsettingsavtalen at den nye stillinga er tilbod om omplassering i medhald av arbeidsmiljølova § 15-7 og at aktuelle andre stillingar i kommunen blir sagt opp.

4. Skriftlege tilbod om omplassering med svarfrist blir berre gitt ein gong til dei det gjeld. Tilbodet skal koplast til ei orientering om at dette er tilbodet kommunen gir som arbeidsgjevar i medhald av aml § 15-7. Alternativet er eiga oppseiing eller tilråding om oppseiing frå kommunen si side.

§ 4-2 Rammer og prinsipp for anna passande arbeid

Alle vil bli behandla som tilsette i Gloppen kommune uavhengig av eventuelle tilsetjingsavtaler som seier tilsvarande: "tilsett ved xx avdeling".

"Anna passande arbeid" etter aml § 15-7 er arbeid med lik stillingsstorleik, mest mogleg likt arbeidsinnhald og helst nær opphavleg arbeidsplass. Heile kommunen er likevel aktuelt omplasseringsområde.

§ 4-3 Arbeidsområde - administrativt og fagleg

Administrativt arbeidsområde er heile Gloppen kommune med slik fagleg grunninndeling:

1. Arbeid som ikkje krev spesielle kvalifikasjonar (ufaglærte)
2. Arbeid som krev fagbrev(faglærte)
3. Arbeid som krev høgskuleutdanning tilsvarande tre eller fleire år.

Ved vidare inndeling utgjer dei ulike fag- og profesjonsgruppene kvar sitt konkrete, faglege arbeidsområde i heile kommunen sett under eitt.

Assistentane er ei gruppe arbeidstakarar med ulike arbeidsoppgåver.

§ 4-4 Kriterium for fastsetting av konkurranseansiennitet

Konkurranseansiennitet er opptent ansiennitet innanfor vedkomande sitt faglege

arbeidsområde i kommunen.

§ 4-5 Konkurransvilkår

Ved omplassering skal det takast omsyn til (i prioritert rekkefølge):

1. Arbeidsgjevar sitt behov for kvalifisert og kompetent arbeidskraft
2. Kompetanse
3. Kvalifikasjonar innan arbeidsområdet
4. Ansiennitet innan arbeidsområdet i kommunen

Eit ubetinga ansiennitetsprinsipp gjeld ikkje på kommunalt tariffområde. Kven som må omplasserast først når arbeidsgjevar har behov for innskrenkingar, må vurderast ut frå fleire omsyn.

I hovudtariffavtalen (HTA) kap 1 § 3.3 heiter det: *Ved innskrenking/rasjonalisering skal, under ellers like vilkår, de med kortest tjeneste innenfor vedkommende arbeidsområde i kommunen sies opp først.* Dette prinsippet gjeld også ved omplassering. Ansiennitetsprinsippet kan brukast når forhold som spesielle kvalifikasjonar, kompetanse, fungeringsevne i jobben, "skikkethet" m m er like.

§ 4-6 Prinsipp ved overgang til lågare lønna stilling

Ved omplassering/overgang til lågare lønna stilling innan kommunen på grunn av nedbemanning/rasjonalisering, skal arbeidstakaren som hovudregel behalde si noverande lønnplassering som ei personleg ordning, jf HTA kap 1 § 3.4.1.

V: Stillingsbank m m

§ 5-1 Stillingsbank

På grunnlag av rapporteringar frå dei kommunale avdelingane, skal stillingsbanken ha eit register som viser kva personar som er overtallige, ledige stillingar og kva kompetansekrav som gjeld for desse stillingane. Stillingsbanken skal også ha eit oppdatert oversyn som viser kva personar som er aktuelle for omplassering og kva kompetanse desse har. Personalrådsgjevar er koordinator i dette arbeidet.

§ 5-2 Nytilsettingar

Ekstern rekruttering skjer når vesentleg og aktuell kompetanse ikkje kan hentast frå egne rekke, anten direkte eller etter eventuell vidareutdanning av allereie fast tilsette arbeidstakarar.

VI: Iverksetting/oppheving av tidlegare regelverk

§ 6-1 Iverksetting

Desse reglane gjeld frå fastsettingtidspunktet. Frå same tidspunkt blir reglar for omplasseringsarbeidet i Gloppen kommune, fastsett av rådmannen den 26. januar 2009 oppheva.



Dato: 27.02.2013
Arkivopplysningar: 12/1752-19/034

INNKALLING TIL OMSTILLINGSSAMTALE - MAL

NN-Arbeidstakar

dato:

INNKALLING TIL OMSTILLINGSSAMTALE

(Innleiing med ref til konkret sak – ev tidligare informasjon til arbeidstakeren.)

I høve omorganisering aver du overtalig i noverande stilling. Du har på den bakgrunn førehandsrett til ledig stilling du er kvalifisert for, på tilsvarande nivå som din noverande stilling. Reglar for omstilling i Gloppen kommune vil danne grunnlag for det vidare arbeidet i saka.

Det er viktig at forhold som kan få betydning for din framtidige arbeidssituasjon vert tekne opp.

Du vert med dette kalla inn til omstillingssamtale:

Dato:

Tid:

Stad:

Frå arbeidsgjevar deltek:

Du må gjerne ta med deg tillitsvald eller ein annan person du har tillit til.

I samtalen går vi gjennom utdanninga di, erfaring og andre forhold som har betydning når vi skal vurdere kvalifikasjonane dine i forhold til alternative stillingar i kommunen. Vi ber om at du oppdaterar kompetanse din i VISMA, evt at du tek med oppdatert CV til samtala.

I førekant av samtala ber vi deg spesielt om å tenke over følgjande punkt:

- Er det ledige stillingar i Gloppen kommune du ynskjer å bli overført til?
- Dersom det ikkje finnast tilsvarende stilling som den du har i dag, kva nye oppgåver kan du då tenke deg å arbeide med?

- Har du erfaring frå andre fagområde som du kan tenke deg å arbeide med?
- Er det andre forhold arbeidsgjevar bør kjenne til når vi skal vurdere nytt arbeid for deg?

Du er velkomen til å ta opp andre spørsmål i møtet

Med helsing

YY
Leiar



GLOPPEN KOMMUNE

KOMMUNEDELPLAN

Dato: 27.02.2013
Arkivopplysningar: 12/1752-20/034

REFERAT FRÅ OMSTILLINGSSAMTALE - MAL

Møteopplysningar:
Navn på den tilsette:
Ellers til stades:
Stad og dato:

Den tilsette si registrering av kompetanse dannar grunnlaget for omstillingssamtala:
Samanhengande tenesteansiennitet i Gloppen kommune: ☐ OK ☐ Ikkje OK
Formell utdanning: ☐ OK ☐ Ikkje OK
Yrkeserfaring: ☐ OK ☐ Ikkje OK
Kurs/opplæringstiltak: ☐ OK ☐ Ikkje OK
Særlege, relevante sosiale forhold (supplerande opplysningar):
Dine ynskjer om arbeidsoppgåver/stillingar i framtida:
Andre opplysningar:
Dato:
Signatur:

Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune

Fastsette av rådmannen den 26. januar 2009.

I: Generelt

§ 1-1 Omfang og virkeområde

Reglane omfattar alle tilsette i Gloppen kommune med eit fast eller tidsavgrensa tilsettingsforhold, unnateke rådmannen sjølv.

Reglane gjeld for omplassering og/eller nedbemanning i samband med omstilling.

§ 1-2 Rammer

Alt omstillingsarbeid skal skje innanfor rammene av aktuelt lov-, avtale- og regelverk.

§ 1-3 Definisjonar

a. Stillingsbank er ei oversiktsliste over ledige og overtallige personar. Avdelingane melder desse inn til stillingsbanken v/personalrådgjevar.

b. Kompetanse er den enkelte si evne til å løyse ei gitt oppgåve. Kompetanse er formal- og realkompetanse (summen av kunnskap, haldningar, dugleik og vilje kopla til ei konkret oppgåve eller situasjon).

c. Kvalifikasjon er det nivået ei formell utdanning/ein eksamen gjev rett til å praktisere på.

d. Konkurranseansiennitet er opptent ansiennitet (tenestetid) innan definert arbeidsområde i Gloppen kommune.

e. Administrativt arbeidsområde. Gloppen kommune som administrativt arbeidsområde er heile kommunen sett under eitt - i motsetnad til den enkelte driftseining (arbeidsplass).

f. Fagleg arbeidsområde gjeld inndeling i ulike, konkrete fag- og profesjonsgrupper som t.d. reinhaldarar, vaktmeistarar, omsorgsarbeidarar, sjukepleiarar, musikkterapeutar, førskulelærarar m.m.

II: Omstillingsarbeidet

§ 2-1 Behandlingsmåte

Behandling i arbeidsutvalet til kontaktutvalet. Alle typar omstillingar blir behandla i arbeidsutvalet til kontaktutvalet, anten det gjeld frivillig overføring frå ei stilling til ei anna med same stillingsprosent, ved stillingsreduksjon eller overføring til ny stilling med ulik stillingsstorleik.

§ 2-2 Arbeidsgangen i omstillingssituasjonen

1. Tillitsvalde og aktuelle arbeidstakarar får informasjon om situasjonen gjennom møte og samtaler.

2. Det blir avklara om det kan vere aktuelt med stillingsreduksjonar (heller enn omplassering) eller eventuell frivillig omplassering.
3. Avdelingsleiar har samtale/r med den enkelte arbeidstakar om anna høveleg arbeid i kommunen.
4. Arbeidstakar kan, om ønskeleg, ha med seg tillitsvald under samtالene.
5. Eventuelle fleire alternativ blir drøfta.
6. Det skal førast skriftlege notat frå alle møte.
7. Ved semje om eitt alternativ, får arbeidstakaren, etter behandling i arbeidsutvalet til kontaktutvalet, skriftleg tilbod om dette.
8. Kjem ein ikkje fram til eit felles alternativ, vil arbeidstakaren, etter behandling i arbeidsutvalet til kontaktutvalet, få eitt skriftleg tilbod.

III: Arbeidsutvalet til kontaktutvalet sine oppgåver i omstillingsarbeidet

§ 3-1 Oppgåver i omstillingsarbeidet

Tilsettingsutvalet si hovudoppgåve i omstillingssaker er - i samarbeid med aktuelle avdelingar og tillitsvalde - å behandle og avgjere saker knytt til omplassering av tilsette. Utvalet er styre for kommunen sin stillingsbank, og personlrådgjevar er koordinator i innsamlingsarbeidet.

Andre viktige oppgåver i dette arbeidet er:

1. Tolke definerte faglege arbeidsområde og prioritere mellom konkurransevilkår i nedbemanningssaker.
2. Lage framlegg til nødvendige prosedyrar/ending av prosedyrar i nedbemanningssaker.
3. I samarbeid med avdelingane vurdere kompetansebehov og kva funksjonar som må vere dekte for å halde drifta på eit forsvarleg nivå, heile kommunen sett under eitt.
4. Motivere til fleksibilitet og omstillingsvilje.
5. Vurdere og eventuelt lage framlegg til tiltak for spesielle grupper tilsette, t d eldre arbeidstakarar, i ein omstillingssituasjon.
6. I den grad det er mogleg, hjelpe til med å formidle arbeid utanom kommunen til dei som er/blir overtallige.
7. Andre aktuelle saker.

IV: Prinsipp og reglar for omplasseringsarbeidet

§ 4-1 Prinsipp og saksbehandling ved omplasseringar

Retningsgjevande prinsipp for verksemda i omplasseringsarbeidet blir:

1. Ikkje frivillige omplasseringar skal behandlast innanfor rammene i lov- og avtaleverket i

samsvar med krava til saklegheit som gjeld ved oppseiingar.

2. Omplasseringar skal gjerast på ein slik måte at dei fører til minst mogleg ulemper for brukarane og dei tilsette.
3. Ved alle omplasseringar skal det framgå av tilsettingsavtalen at den nye stillinga er tilbod om omplassering i medhald av arbeidsmiljølova § 15-7 og at aktuelle andre stillingar i kommunen blir sagt opp.
4. Skriftlege tilbod om omplassering med svarfrist blir berre gitt ein gong til dei det gjeld. Tilbodet skal koplust til ei orientering om at dette er tilbodet kommunen gir som arbeidsgjevar i medhald av aml § 15-7. Alternativet er eiga oppseiing eller tilråding om oppseiing frå kommunen si side.

§ 4-2 Rammer og prinsipp for anna passande arbeid

Alle vil bli behandla som tilsette i Gloppen kommune uavhengig av eventuelle tilsetjingsavtaler som seier tilsvarende: "tilsett ved xx avdeling".

"Anna passande arbeid" etter aml § 15-7 er arbeid med lik stillingsstorleik, mest mogleg likt arbeidsinnhald og helst nær opphavleg arbeidsplass. Heile kommunen er likevel aktuelt omplasseringsområde.

§ 4-3 Arbeidsområde - administrativt og fagleg

Administrativt arbeidsområde er heile Gloppen kommune med slik fagleg grunninndeling:

1. Arbeid som ikkje krev spesielle kvalifikasjonar (ufaglærte)
2. Arbeid som krev fagbrev(faglærte)
3. Arbeid som krev høgskuleutdanning tilsvarende tre eller fleire år.

Ved vidare inndeling utgjer dei ulike fag- og profesjonsgruppene kvar sitt konkrete, faglege arbeidsområde i heile kommunen sett under eitt.

Assistentane er ei stor gruppe arbeidstakarar med ulike arbeidsoppgåver. Desse er inndelt i slike (faglege) arbeidsområde:

- Assistentar i barnehage, skule- og skulefritidsordning
- Assistentar i heimetenesta, eldreomsorga, dagtilbodet og PU
- Kjøkkenassistentar ved Gloppen sjukeheim.

§ 4-4 Kriterium for fastsetting av konkurranseansiennitet

1. Konkurranseansiennitet er opptent ansiennitet innanfor vedkomande sitt faglege arbeidsområde og blir å rekne frå tiltredingsdato i Gloppen kommune.
2. Arbeidstakarar som er overførte til Gloppen kommune som følgje av funksjonsendringar, får godskrive ansiennitet frå førre arbeidsgjevar.

§ 4-5 Konkurransesvilkår

Ved omplassering skal det takast omsyn til:

- Arbeidsgjevar sitt behov for kvalifisert og kompetent arbeidskraft
- Kompetanse
- Kvalifikasjonar innan arbeidsområdet
- Ansiennitet innan arbeidsområdet

- Arbeidstakar sine sosiale forhold

Eit ubetinga ansiennitetsprinsipp gjeld ikkje på kommunalt tariffområde. Kven som må omplasserast først når arbeidsgjevar har behov for innskrenkingar, må vurderast ut frå fleire omsyn.

I hovudtariffavtalen (HTA) kap 1 § 3.3 heiter det: *Ved innskrenking/rasjonalisering skal, under ellers like vilkår, de med kortest tjeneste innenfor vedkommende arbeidsområde i kommunen sies opp først.* Dette prinsippet gjeld også ved omplassering. Ansiennitetsprinsippet kan brukast når forhold som spesielle kvalifikasjonar, kompetanse, fungeringsevne i jobben, "skikkethet" m m er like.

§ 4-6 Prinsipp ved overgang til lågare lønna stilling

Ved omplassering/overgang til lågare lønna stilling innan kommunen på grunn av nedbemanning/rasjonalisering, skal arbeidstakaren som hovudregel behalde si noverande lønns plassering som ei personleg ordning, jf HTA kap 1 § 3.4.1.

V: Stillingsbank m m

§ 5-1 Stillingsbank

På grunnlag av rapporteringar frå dei kommunale avdelingane, skal stillingsbanken ha eit register som viser kva personar som er overtallige og kva kompetansekrav som gjeld for desse stillingane. Stillingsbanken skal også ha eit oppdatert oversyn som viser kva personar som er aktuelle for omplassering og kva kompetanse desse har. Personalrådgjevar er koordinator i dette arbeidet.

§ 5-2 Nytilsettingar

Ekstern rekruttering skjer når vesentleg og aktuell kompetanse ikkje kan hentast frå eigne rekke, anten direkte eller etter eventuell vidareutdanning av allereie fast tilsette arbeidstakarar.

VI: Iverksetting/oppheving av tidlegare regelverk

§ 6-1 Iverksetting

Desse reglane gjeld frå fastsettingtidspunktet. Frå same tidspunkt blir reglar for omplasseringsarbeidet i Gloppen kommune, fastsett av rådmannen den 15. mai 2007 oppheva.

Fra: Anna Karin Hansen
Sendt: 10.04.2013
Til: Pål Sandal
Kopi: Beate Kornberg; Tone Merethe Ommedal; Hilde Olave Sætren; Randi Reed
Emne: høyring

Tilbakemelding i høyringsrunde på «Reglar for omstillingsarbeid i Gloppen kommune»
frå Ergoterapeutane -NETF avd Gloppen:

«Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune» er blitt vesentleg forbetra frå det vi hadde.

Det er blitt eit forståeleg og ryddig dokument som kan bli eit godt redskap i omstilling-prosessen vi står overfor.

Vil takke prosjektgruppa som har jobba dette fram! Bra jobba!

Malane som ligg ved blir gode å ha.

Eg har ein kommentar til punkt IV: Prinsipp og reglar for omplasseringsarbeidet:

Under punkt «§4-3 Arbeidsområde -administrativt og fagleg,» siste linje:

- Assistentar i heimetenesta, eldreomsorga, dagtilbodet, PU og omsorgsenteret.

Assistentar i «dagtilbodet»?:

No er det ikkje mange dagtilbod igjen i kommunen, og når det vert skrive i bestemt form lurar eg på kva dagtilbod som er meint...

Eg jobber i dagtilbod innan psykisk helse, og vi har ikkje assistent. Dagtilbod for demente trur eg heller ikkje har assistentar. Dagtilbodet på Byrkjelo som er for eldre?

Kanskje dette heng igjen frå dei foregåande reglane og ikkje er gjennomtenkt om dette stemmer no?

Vil i alle fall peike på det når vi no reviderer det.

Eg spør: Kva dagtilbod i Gloppen har assistentar i dag?

Sandane 10.04.2013

Tillitsvalgt for ergoterapeutane

Anna Karin Wergeland Hansen

Fra: Pål Sandal

Sendt: 8. april 2013 09:09

Til: Bjørg Skarstad; 'Utdanningsforbundet Gloppen (post@Gloppen.utdanningsforbundet.no)'; Hilde Katharina Arnestad; 'Thomas Aanonlie, MFO (thomasproperc@gmail.com)'; Kristin Daling Felde; Anna Karin Hansen; Bjørn Aurlen; Inger Anne Skeistrand; Jon Egil Vik; Anne Helene Vedvik; Bjørn Roth-Andenæs; Marie Gjengedal; John Morten Selsvik; Torill Berge

Kopi: Marit Elisabeth Larssen

Emne: SV: Høyring på Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune

Minner om fristen for uttale.

Vil presisere at det er Administrasjonsutvalet som har endeleg handsaming av dokumenta.

Pål Sandal

Fra: Pål Sandal

Sendt: 21. mars 2013 08:42

Til: Bjørg Skarstad; Utdanningsforbundet Gloppen (post@Gloppen.utdanningsforbundet.no); Hilde Katharina Arnestad; Thomas Aanonlie, MFO (thomasproperc@gmail.com); Kristin Daling Felde; Anna Karin Hansen; Bjørn Aurlen; Inger Anne Skeistrand; Jon Egil Vik; Anne Helene Vedvik; Bjørn Roth-Andenæs; Marie Gjengedal; John Morten Selsvik; Torill Berge

Kopi: Marit Elisabeth Larssen

Emne: Høyring på Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune

Hei!

Sender over dokument til høyring.

Informasjon i «Høyring dok».

Pål Sandal

Strategi og tenesteutvikling

Gloppen kommune

Tlf 97 99 10 56

pal.sandal@gloppen.kommune.no

Fra: Bjørg Skarstad
Sendt: 09.04.2013
Til: Pål Sandal
Kopi: fagforbundet Gloppen
Emne: SV: Høyring på Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune

Hei!

Hei!

Fagforbundet har følgende merknader vedr regelverk ang omstillingsarbeidet.

Pkt. 2 Tillegg

... mogleheiter sammen med hovedtillitsvalgt

Pkt. 3

Første setning bør strykes.

Pkt. 8 Utvelgelseskriterium

Fagforbundet krever at Ansiennitet er 1. og eneste kriterium dersom alle er kvalifisert for stillingen.

Slik som det står i reglene kan kommunen plukke overkvalifiserte personer til stillingen fremfor ansiennitet.

Pkt. 10 Det kan være sosiale forhold i familien som gjør at enkelte bør få flere tilbud

Forslag nytt pkt. 11

Arbeidsmiljøloven Ved sener utlysinger har tidligere tilsette fortrinnsrett, jmf.

Ellers forutsettes at Arbeidsmiljøloven og Hovedavtalen gjelder fremfor interne regler.

Hilsen

Bjørg Skarstad

Fra: Hilde Katharina Arnestad
Sendt: 09.04.2013
Til: Pål Sandal
Kopi:
Emne: SV: Høyring på Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune

Hei Pål

Sender vedlagt høyringssvar frå Utdanningsforbundet.

Mvh

Hilde Arnestad HTV

Utdanningsforbundet i Gloppen

Fra: Pål Sandal
Sendt: 8. april 2013 09:09
Til: Bjørg Skarstad; 'Utdanningsforbundet Gloppen (post@Gloppen.utoanningsforbundet.no)'; Hilde Katharina Arnestad; 'Thomas Aanonlie, MFO (thomasproperc@gmail.com)'; Kristin Daling Felde; Anna Karin Hansen; Bjørn Aurlie; Inger Anne Skeistrand; Jon Egil Vik; Anne Helene Vedvik; Bjørn Roth-Andenæs; Marie Gjengedal; John Morten Selsvik; Torill Berge
Kopi: Marit Elisabeth Larssen
Emne: SV: Høyring på Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune

Minner om fristen for uttale.

Vil presisere at det er Administrasjonsutvalet som har endeleg handsaming av dokumenta.

Pål Sandal

Fra: Pål Sandal
Sendt: 21. mars 2013 08:42
Til: Bjørg Skarstad; Utdanningsforbundet Gloppen (post@Gloppen.utoanningsforbundet.no); Hilde Katharina Arnestad; Thomas Aanonlie, MFO (thomasproperc@gmail.com); Kristin Daling Felde; Anna Karin Hansen; Bjørn Aurlie; Inger Anne Skeistrand; Jon Egil Vik; Anne Helene Vedvik; Bjørn Roth-Andenæs; Marie Gjengedal; John Morten Selsvik; Torill Berge
Kopi: Marit Elisabeth Larssen
Emne: Høyring på Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune

Fra: Pål Sandal

Sendt: 24.04.2013

Til: Marit Elisabeth Larssen; 'Jeffrey Thomas'; 'gunnvor@samfunnsdemokraten.no'; Gunnvor Sunde; Hilde Katharina Arnestad; 'Utdanningsforbundet Gloppen'; Bjørg Skarstad; 'ragnar.eimhjellen@enivest.net'; Anniken Rygg; Anne Hansen

Kopi:

Emne: Møte i administrasjonsutvalet

Se vedlagte saksdokumenter:

Gunnvor har bedt om å få tilsendt konklusjonane styringsgruppa har gjort etter å ha vurdert innspela frå høyringsrunda.

Innspela frå organisasjonane ligg og ved.

Pål Sandal

Til
Rådmann Marit E. Larssen
og Prosjektleder Pål Sandal i Gloppen kommune

**Høyringsuttale om reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune frå
Utdanningsforbundet i Gloppen**

I reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune – oversikt punkt 8, er det ei prioritert rekkjefølgje av kriterier som skal følgjast dersom det er fleire overtalige som er kvalifisert for den same stillinga. Her er samanhengande tenesteansiennitet prioritert som nr 4.

Dette blir gjenteke i § 4-5 i «Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen» Her blir det referert frå HTA kap1 §3.3. som seier at *dei med kortast teneste innanfor vedkommendes arbeidsområde i kommunen seiast opp først* her blir ikkje nemnt kva omsyn det kan vere.

Kommunen seier at eit *ubetinga ansiennitetsprinsipp ikkje gjeld på kommunalt tariffområde. Kven som må omplasserast først når arbeidsgjevar har behov for innskrenkingar, må vurderast ut frå fleire omsyn.*

Kommunen kan ikkje lage reglar som er dårlegare enn HTA. Vi meiner då at kommunen må, i følge HTA, prioritere *ansiennitet innanfor arbeidsområdet i kommunen* som nr 1.

Vi meiner vidare at dokumenta om omstilling, varetek arbeidstakaren på ein god måte.

Mvh
Hilde K. Arnestad HTV
Utdanningsforbundet i Gloppen

Fra: Bjørg Skarstad
Sendt: 09.04.2013
Til: Pål Sandal
Kopi: fagforbundet Gloppen
Emne: SV: Høyring på Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune

Hei!

Hei!

Fagforbundet har følgende merknader vedr regelverk ang omstillingsarbeidet.

Pkt. 2 Tillegg

... mogleheiter sammen med hovedtillitsvalgt

Pkt. 3

Første setning bør strykes.

Pkt. 8 Utvelgelseskriterium

Fagforbundet krever at Ansiennitet er 1. og eneste kriterium dersom alle er kvalifisert for stillingen.

Slik som det står i reglene kan kommunen plukke overkvalifiserte personer til stillingen fremfor ansiennitet.

Pkt. 10 Det kan være sosiale forhold i familien som gjør at enkelte bør få flere tilbud

Forslag nytt pkt. 11

Ved senere utlysinger har tidligere tilsette fortrinnsrett, jmf.

Arbeidsmiljøloven

Ellers forutsettes at Arbeidsmiljøloven og Hovedavtalen gjelder fremfor interne regler.

Hilsen

Bjørg Skarstad

Fra: Pål Sandal

Sendt: 8. april 2013 09:09

Til: Bjørg Skarstad; 'Utdanningsforbundet Gloppen (post@Gloppen.utdanningsforbundet.no)'; Hilde Katharina Arnestad; 'Thomas Aanonlie, MFO (thomasproperc@gmail.com)'; Kristin Daling Felde; Anna Karin Hansen; Bjørn Aurlen; Inger Anne Skeistrand; Jon Egil Vik; Anne Helene Vedvik; Bjørn Roth-Andenæs; Marie Gjengedal; John Morten Selsvik; Torill Berge

Kopi: Marit Elisabeth Larssen

Emne: SV: Høyring på Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune

Minner om fristen for uttale.

Vil presisere at det er Administrasjonsutvalet som har endeleg handsaming av dokumenta.

Pål Sandal

Fra: Pål Sandal

Sendt: 21. mars 2013 08:42

Til: Bjørg Skarstad; Utdanningsforbundet Gloppen (post@Gloppen.utdanningsforbundet.no); Hilde Katharina Arnestad; Thomas Aanonlie, MFO (thomasproperc@gmail.com); Kristin Daling Felde; Anna Karin Hansen; Bjørn Aurlen; Inger Anne Skeistrand; Jon Egil Vik; Anne Helene Vedvik; Bjørn Roth-Andenæs; Marie Gjengedal; John Morten Selsvik; Torill Berge

Kopi: Marit Elisabeth Larssen

Emne: Høyring på Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune

Hei!

Sender over dokument til høyring.

Informasjon i «Høyring dok».

Pål Sandal

Strategi og tenesteutvikling

Gloppen kommune

Tlf 97 99 10 56

pal.sandal@gloppen.kommune.no

Fra: Anna Karin Hansen
Sendt: 10.04.2013
Til: Pål Sandal
Kopi: Beate Kornberg; Tone Merethe Ommedal; Hilde Olave Sætren; Randi Reed
Emne: høyring

Tilbakemelding i høyringsrunde på «Reglar for omstillingsarbeid i Gloppen kommune»
frå Ergoterapeutane -NETF avd Gloppen:

«Reglar for omstillingsarbeidet i Gloppen kommune» er blitt vesentleg forbetra frå det vi hadde.

Det er blitt eit forståeleg og ryddig dokument som kan bli eit godt redskap i omstilling-prosessen vi står overfor.

Vil takke prosjektgruppa som har jobba dette fram! Bra jobba!

Malane som ligg ved blir gode å ha.

Eg har ein kommentar til punkt IV: Prinsipp og reglar for omplasseringsarbeidet:

Under punkt «§4-3 Arbeidsområde -administrativt og fagleg,» siste linje:

- Assistentar i heimetenesta, eldreomsorga, dagtilbodet, PU og omsorgsenteret.

Assistentar i «dagtilbodet»?:

No er det ikkje mange dagtilbod igjen i kommunen, og når det vert skrive i bestemt form lurar eg på kva dagtilbod som er meint...

Eg jobber i dagtilbod innan psykisk helse, og vi har ikkje assistent. Dagtilbod for demente trur eg heller ikkje har assistentar. Dagtilbodet på Byrkjelo som er for eldre?

Kanskje dette heng igjen frå dei foregåande reglane og ikkje er gjennomtenkt om dette stemmer no?

Vil i alle fall peike på det når vi no reviderer det.

Eg spør: Kva dagtilbod i Gloppen har assistentar i dag?

Sandane 10.04.2013

Tillitsvalgt for ergoterapeutane

Anna Karin Wergeland Hansen



Til:

Mottakarar:

Rådmann

Kristine Dahl

Bjørg Skarstad

Pål Sandal, prosjektleiar

Arkivopplysningar

12/1752-49 / / 034 / / .

Dato:

24.04.2013

Referat frå møte i styringsgruppa moderniseringsprogrammet 23. april

Frå kl til kl	0800-0830 Oppfølgingsmøte 24. april kl 0800-0900	Møtestad	Kontor 3. etg heradshuset
Innkalla av	Rådmann		
Møteleiar	Rådmann	Referent	Pål Sandal
Deltakarar	Rådmann Kristine Dahl Bjørg Skarstad Pål Sandal, prosjektleiar		

Nr	Tidsrom	Tema og konklusjon
1		Vurdering av innspel etter høyring på omstillingsreglement: Konklusjon etter vurdering av innspel: (Endring i utheva skrift). <u>§2-2 pkt 2:</u> Arbeidsgjevar gjennomfører ein samtale med den overtalige for å kartlegge kompetanse, ynskje og moglegheiter. Den overtalige har høve til å ha med tillitsvald. <u>§ 2-2 pkt 3:</u> Den overtalige skal ikkje søke på ledige stillingar i Gloppen kommune. Kommunen er forplikta til å prøve å finne annan passende stilling – helst på same nivå som tidlegare. Utheva setning vert fjerna frå punktet. <u>§2-2 pkt 8:</u>

Dersom det er fleire overtalige som er kvalifisert for den same stillinga, må det gjennomførast eit val blant dei overtalige etter følgjande kriterie i prioritert rekkefølge: (1) arbeidsgjevar sitt behov for kvalifisert og kompetent arbeidskraft, (2) kompetanse, (3)kvalifikasjonar innan arbeidsområdet og (4) **samanhengande tenesteansiennitet i kommunen.**

Utheva setning vert fjerna.

Om overtalige står likt etter dei prioriterte kriteria, så er det dei med kortast teneste innan sitt arbeidsområde i kommunen som vert sagt opp. Jfr Hovudtariffavtala for KS-området kap 1 § 3 pkt 3.3,

Nytt punkt 11:

Arbeidstakar som er sagt opp på grunn av omstilling har førehandsrett til ny tilsetjing i kommunen, med mindre det gjeld ei stilling arbeidstakaren ikkje er kvalifisert for. Retten gjeld i 1. år frå oppseiingsfristen går ut. Jfr Arbeidsmiljølova §14-2

§4-3:

Assistentar i heimetenesta, eldreomsorga, **dagtilbodet**, PU og omsorgsenteret.

Vert endra til **dagtilboda.**



214/13

GLOPPEN KOMMUNE

RÅDMANNEN

SEKOM-sekretariatet

Postboks 338
6802 FØRDE

Att:

Dykkar ref

Vår ref (oppgje ved svar)
13/8025

Dato
25.06.2013

Vedrørende administrasjonsutvalsak 008/13. Uttale frå administrasjonsutvalet,

Vedlagte følger møtebok frå ADMU-møte i Gloppen 25.06.2013 der sak om protokollering av ADMU-sak 008/13 blei behandla.

Eg oversender heile protokollen frå møtet. Uttalen frå utvalet har saksnr 16/13

Med helsing

Marit Elisabeth Larssen
rådmann
tlf. 997 24 798



GLOPPEN KOMMUNE

ADMINISTRASJONSUTVALET

HOVUDUTSKRIFT

Møtedato: 25.06.2013

Møtetid:

Kl. 11:20 – 12:10

Møtestad: Heradshuset

Saksnr.:

014/13 - 016/13

Desse medlemmene møtte:	Parti
Gunnvor Sunde	SD
Jeffrey Thomas	Sp
Anniken Rygg	H
Ragnar Eimhjellen	V
Björg Skarstad	Dei tilsette
Anne Hansen	Dei tilsette

Forfall meldt frå følgjande medl.	Parti	Følgjande varamedl. møtte	Parti
Hilde Arnestad	Dei tilsette	Ingen møtte	Dei tilsette

Ugilde	Sak	§ i forv.lov	Følgjande varamedl. møtte

Møteleiar:	Gunnvor Sunde
Frå adm. møte:	Rådmann Marit Elisabeth Larssen
Utlevert i møtet:	
Orientering:	Sjå sak 15/13!
Sp.mål/interpell.:	
Synfaring:	
Diverse:	

Underskrifter:

Gunnvor Sunde

SAKLISTE

Sak nr.	Sakstittel
014/13	Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste
015/13	Referat- og orienteringssaker
016/13	Uttale til kontrollutvalet i protokolleringssak

014/13: GODKJENNING AV MØTEBOK, INNKALLING OG SAKLISTE

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

1. Administrasjonsutvalet godkjenner møteboka frå sitt møte den 23. mai 2013
2. Administrasjonsutvalet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 25. juni 2013.

25.06.2013 ADMINISTRASJONSUTVALET

Gunnvor Sunde kom med slikt framlegg
Godkjenning av møteboka frå ADMU-møte den 23. mai 2013 blir utsett

Framlegget fall då det fekk ei røyst.

Godkjenning av møtebok blei vedtatt mot ei røyst

Innkalling og sakliste til møtet 25.06.2013 blei samrøystest godkjent

014/13 VEDTAK:

1. Administrasjonsutvalet godkjenner møteboka frå sitt møte den 23. mai 2013
2. Administrasjonsutvalet godkjenner innkallinga og saklista til møtet den 25. juni 2013

015/13: REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

Rådmannen legg ikkje fram tilråding i saka.

25.06.2013 ADMINISTRASJONSUTVALET

015/13 VEDTAK:

Ingen saker blei referert

016/13: UTTALE TIL KONTROLLUTVALET I PROTOKOLLERINGSSAK

RÅDMANNEN SI TILRÅDING:

25.06.2013 ADMINISTRASJONSUTVALET

Ragnar Eimhjellen kom med slikt framlegg til uttale i sak 16/13:

«Uttale til kontrollutvalet i protokolleringssak

Denne saka gjeld spørsmålet om vedtaks-protokollen i sak 008/13, «Omstillingsreglement – Gloppen kommune» er korrekt.

Til møte 25.04.2013 i Administrasjonsutvalet, sak 008/13 «Omstillingsreglement – Gloppen kommune» hadde rådmannen slik tilråding: *«Administrasjonsutvalet godkjenner nytt reglement for omstillingsarbeid slik det ligg føre».*

Framlegg frå Gunnvor Sunde: *«Med atterhald om at Fylkesmannen ikkje har merknader i lovlegkontrollen, godkjenner administrasjonsutvalet nytt reglement slik det ligg føre».*

Administrasjonsutvlet vil streke under at det ikkje vart teke opp andre framlegg til avrøysting.

Avrøysting: Framlegget frå Gunnvor Sunde fekk ei røyst og fall.

Vedtak: *«Administrasjonsutvalet godkjenner nytt reglement for omstillingsarbeid slik det ligg føre».*

Vedtaket vart g jort mot ei røyst.

Administrasjonsutvalet stadfester med dette at rådmannen si protokollføring , sak 008/13 frå møte 25.04.2013 i Administrasjonsutvalet, er korrekt.

I Administrasjonsutvalet sitt møte 23.05.2013, sak 009/13, *Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste*, hadde rådmannen slik tilråding:

1. *Administrasjonsutvalet godkjenner møteboka frå sitt møte 25.april 2013*
2.

Administrasjonsutvalet godkjende møteboka frå sitt møte 25 april 2013 *samrøystest*

Konklusjon:

Ut frå det som er gjort greie for om avrøysting og vedtak i sak 008/13 i møte 25.04.2013 i Administrasjonsutvalet og godkjenning av møtebok frå same møtet (sak 009/13), kan ikkje Administrasjonsutvalet sjå at det finst sakleg grunnlag for klagen til kontrollutvalet. Administrasjonsutvalet meiner at klagen må avvisast.

Administrasjonsutvalet vil likevel merke at grunna feil vart ikkje siste framlegget til omstillingsreglement frå rådmannen gjort tilgjengeleg for ålmenta fordi det ikkje vart knytt til saka. Administrasjonsutvalet er kjend med at dette blir retta opp.

Gunnvor Sunde kom med slikt framlegg til vedtak:

Kontrollutvalet bør pålegge administrasjonsutvalet å rette opp møtebok i sak 8/13 slik at det går tydeleg fram av saka at rådmannen endra sitt framlegg til omstillingsreglement, og at det var det endra framlegget som vart behandla og til slutt vedteke

Under røysting blei dei to framlegga sett opp mot kvarandre. Framlegget frå Ragnar Eimhjellen fekk 5 røyster og framlegget frå Gunnvor Sunde fekk 1 røyst. Framlegget frå Ragnar Eimhjellen blei dermed vedtatt.

016/13 VEDTAK:

Uttale til kontrollutvalet i protokolleringssak

Denne saka gjeld spørsmålet om vedtaks-protokollen i sak 008/13, «Omstillingsreglement – Gloppen kommune» er korrekt.

Til møte 25.04.2013 i Administrasjonsutvalet, sak 008/13 «Omstillingsreglement – Gloppen kommune» hadde rådmannen slik tilråding: *«Administrasjonsutvalet godkjenner nytt reglement for omstillingsarbeid slik det ligg føre».*

Framlegg frå Gunnvor Sunde: *«Med atterhald om at Fylkesmannen ikkje har merknader i lovlegkontrollen, godkjenner administrasjonsutvalet nytt reglement slik det ligg føre».*

Administrasjonsutvalet vil streke under at det ikkje vart teke opp andre framlegg til avrøysting.

Avrøysting: Framlegget frå Gunnvor Sunde fekk ei røyst og fall.

Vedtak: «Administrasjonsutvalet godkjenner nytt reglement for omstillingsarbeid slik det ligg føre».

Vedtaket vart gjort mot ei røyst.

Administrasjonsutvalet stadfester med dette at rådmannen si protokollføring, sak 008/13 frå møte 25.04.2013 i Administrasjonsutvalet, er korrekt.

I Administrasjonsutvalet sitt møte 23.05.2013, sak 009/13, *Godkjenning av møtebok, innkalling og sakliste*, hadde rådmannen slik tilråding:

1. *Administrasjonsutvalet godkjenner møteboka frå sitt møte 25.april 2013*
2.

Administrasjonsutvalet godkjende møteboka frå sitt møte 25 april *samrøystest*

Konklusjon:

Ut frå det som er gjort greie for om avrøysting og vedtak i sak 008/13 i møte 25.04.2013 i Administrasjonsutvalet og godkjenning av møtebok frå same møtet (sak 009/13), kan ikkje Administrasjonsutvalet sjå at det finst sakleg grunnlag for klagen til kontrollutvalet.

Administrasjonsutvalet meiner klagen må avvisast.

Administrasjonsutvalet vil likevel merke at grunna feil vart ikkje siste framlegget til omstillingsreglement frå rådmannen gjort tilgjengeleg for ålmenta gjennom Gloppen kommune si internett side, då det ikkje var knytt til sjølve saka. Administrasjonsutvalet er kjend med at dette blir retta opp.

348/13

Til kontrollutvalet i Gloppen
v/SEKOM-sekretariatet

25.06.13

Møteboka til administrasjonsutvalet frå 25. april 2013, sak 8/13

Som leiar i administrasjonsutvalet har eg bede kontrollutvalet sjå nærare på protokollføringa av utvalet si behandling av sak 8/13, som gjeld omstillingsreglementet for Gloppen kommune.

Bakgrunnen for kravet er at eg meiner det ikkje går fram av møteboka kva som vart lagt fram for administrasjonsutvalet frå rådmannen, og det er derfor heller ikkje råd å lese av møteboka kva som vart vedteke når protokollen berre seier at

«Administrasjonsutvalet godkjenner nytt reglement for omstillingsarbeid slik det ligg føre.»

Eg legg til grunn at det frå rådmannen si side og frå dei andre medlemmene i utvalet ikkje er usemje om at det var dette som faktisk skjedde ved behandlinga av saka:

1. 22. april 2013 vart saklista til møtet, med rådmannen sitt framlegg til nytt reglement sendt ut til medlemmene av utvalet på vanleg måte. Saklista med vedlegg vart samstundes lagt ut på kommunen si heimeside.
2. Dagen etter, den 23. april, var det møte i «styringsgruppa for moderniseringsprogrammet», som gjekk gjennom det framlegget til nytt reglement som rådmann hadde sendt ut til medlemmene. Styringsgruppa hadde fleire endringsframlegg til rådmannen sitt framlegg.
3. Etter møtet i styringsgruppa vart deira framlegg til endringar sendt ut på e-post frå rådmannen til medlemmene i administrasjonsutvalet. Det var *dette* framlegget som vart drøfta av administrasjonsutvalet og vedteke på møtet den 25. april – ikkje rådmannen sitt framlegg som følgde saklista til møtet.

Møteboka er etter mitt syn feil fordi det ikkje går fram av møteboka at rådmannen i praksis la eit nytt framlegg til reglement fram for utvalet utan å endre si tilråding. Når det ikkje går fram av møteboka kva som er lagt fram, vil det heller ikkje gå fram kva som vart vedteke slik protokollen er ført.

Det er ikkje godt nok at medlemmene i utvalet sjølve er samde om/veit kva som vart lagt fram og kva dei vedtok. Møteboka skal også vere presis og til å forstå også for dei som ikkje var til stades på møtet, og ikkje minst for at det i ettertid ikkje skal vere tvil om kva som er vedteke.

Eg held derfor fast ved at møteboka ikkje skulle vore godkjent i påfølgjande møte. Slik rådmannen ordla seg i diskusjonen på dette møtet stemde eg sjølv for godkjenning av møteboka trass i at eg var usamd. Eg burde sjølv sagt ikkje ha gjort dette.

Eg meiner kontrollutvalet bør pålegge administrasjonsutvalet å rette opp møteboka i sak 8/13 slik at det går tydeleg fram av saka at rådmannen endra sitt framlegg til reglement, og at det var det endra framlegget som vart behandla og til slutt vedteke.

Vennleg helsing

Gunnvor A. Sunde

Kopi til rådmannen og administrasjonsutvalet

020/12 BUDSJETT FOR DRIFT AV KONTROLLUTVALET 2014

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM-sekretariat

Dato: 07.08.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutval	22.08.2013	020/13	-	Nei
Formannskap		-	-	Nei
Kommunestyre		-	-	Ja

Saksvedlegg.

- Spesifikasjon av forslag til budsjett.
- Reglement for møtgodtgjersle Gloppen kommune.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

- Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.
- Kommunelova.
- Reglement/vedtak for godtgjersle til folkevalde i Gloppen kommune.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

1. Kontrollutvalet tilrår følgjande budsjett og artsspesifikasjon for "Drift av kontrollutval".

11600: Skyss- og diettgodtgjersle	Kr	3.000,-
108??: Godtgjersle folkevalde	Kr.	34.000,-
10990: Arbeidsgjevaravgift	Kr	3.500,-
11500: Opplæring/kurs/seminar	Kr.	15.000,-
11959: Kontingentar	Kr.	4.000,-
<u>Drift av kontrollutvalet</u>	<u>Kr.</u>	<u>59.500,-</u>

Budsjettet bør spesifiserast på eiga teneste.

KONTROLLUTVALET SI TILRÅDING TIL KOMMUNESTYRET:

Saksutgreiing

BUDSJETT FOR KONTROLL OG TILSYN 2014

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i Gloppen kommune.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar §18, har kontrollutvalet ansvar for at det vert utarbeidd budsjett for kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunen. Eit forslag til budsjettråme skal følgje formannskapet si innstilling til kommunestyret.

Kontroll- og tilsynsorganet inneheld tre element, (heretter kalla prosjekt i samsvar med nemningane i kontoplanen); revisjon, sekretariat og drift av kontrollutvalet. Det er naturleg at budsjettet vert fordelt på desse tre prosjekta.

I posten ”Drift av kontrollutvalet”, høyrer følgjande kostnader naturleg inn:

Kostgodtgjersle
Køyregodtgjersle.
Tapt arbeidsforteneste
Møtegodtgjersle
Arbeidsgjevaravgift
Kurs/seminar
Kontingentar
Telefongodtgjersle
Andre utgifter

Reglement for godtgjersle til folkevalde i Gloppen er fastsett av kommunestyret den 13.12.2010. Satsane som er sett inn i reglementet gjeld for 2013 og har som grunnlag at godtgjersla til stortingsrepresentantane er kr. 777.900,-. Godtgjersla til folkevalde i Gloppen er knytt til ordføraren si godtgjersle. Denne utgjer 85% av den faste godtgjersla til stortingsrepresentantane. Følgjande satsar er nytta i utkast til budsjett for drift av kontrollutvalet for 2013:

- Kost- og køyregodtgjersle etter statens regulativ
- Tapt arbeidsforteneste. : Ulegitimert kr. 188,80,- pr. time, maksimum kr. 1.888,- pr. dag, inkludert feriepengar. Legitimert tapt arbeidsforteneste vert dekkja etter dokumentasjon inntil kr. 1888,- pr. døgn.
- Møtegodtgjersle medlemer kontrollutvalet kr. 661,- pr. møte.
- Møtegodtgjersle leiar av kontrollutvalet kr. 991,50,- pr. møte.

Det er teke utgangspunkt i at det vert fem møte pr. år. Kommunestyret har også gjort vedtak om at det i valperioden 2011 – 2015 skal vere fem medlemer i kontrollutvalet.

Gloppen kommune er med i interkommunale samarbeid når det gjeld revisjon og sekretariattenester gjennom høvesvis Kommunerevisjonen i Nordfjord og SEKOM-sekretariat. Begge desse selskapa er organiserte etter §27 i kommunelova, og begge selskapa

har teke inn i vedtektene sine at det er styret i selskapet som vedtek budsjettet, og at budsjettet skal sendast til kommunane innan 1. november året før budsjettåret.

Sekretariatet sine vurderingar:

Budsjettforslaget blir lagt fram som følgje av krav om dette i lova.

Budsjetta for Kommunerevisjonen i Nordfjord og SEKOM-sekretariat vert vedtekne i dei respektive styra. Kontrollutvalet skal derfor ikkje leggje fram budsjett for desse.

Kontrollutvalet bør ha høve til å ta ut perioderapportar i løpet av året. Derfor er det viktig at budsjettpostane vert lagt inn i budsjettet til Gloppen kommune slik at dette er mogeleg.

BUDSJETT KONTROLLUTVALET I GLOPPEN 2014

Konto

11600 Kjøregodtgjersle	3000	(5*4,05*150)	
10800 Tapt arbeidsforteneste	13000	(20*3*188*1,1 (0*1800)	feriepengar
10800 Møtegodtgjersle (leiar)	5000	(5*991)	
10800 Møtegodtgjersle	16000	(25*661)	
10990 Arbeidsgjevaravgift	3500	10,6% av tapt arb.fort.	
11500 Kurs/seminar	15000		
11959 Kontingent FKT	4000		
	0		
Drift	59500		

Reglement for godtgjersle til folkevalde i Gloppen

Reglement er fastsett av kommunestyret den 13. desember 2010.

Satsane som er sett inn gjeld for 2013, og har som grunnlag at godtgjersla til stortingsrepresentantane i 2012 var kr 777.630,-.

Last ned skjema for reiser og tapt arbeidsforteneste!

Glop
Grar
6823
E-po
Tele
Faks
Org.
Opni

I: Omfang og former for godtgjersle

§ 1-1 Heimel

Reglementet er fastsett i medhald av kommunelova §§ 41 og 42.

§ 1-2 Omfang

Reglementet gjeld for folkevalde ombod i kommunale organ oppretta i medhald av kommunelova eller særlov.

Reglementet gjeld i tillegg til kommunale møte også for representasjon i styre og råd og på møte og konferansar, dersom møteorganisasjonen sjølv ikkje betalar godtgjersle.

§ 1-3 Former for godtgjersle

Reglementet omfattar følgjande former for godtgjersle:

1. Møtegodtgjersle, fast og variabel
2. Tapt arbeidsforteneste og anna utgiftsdekking.

II: Møtegodtgjersle

§ 2-1 Grunnlag

Møtegodtgjersla i Gloppen er knytt til godtgjersla til ordføraren, som igjen er knytt til den faste godtgjersla til representantane på Stortinget. Godtgjersla skal regulerast fortløpande etter endringane i representantgodtgjersla på Stortinget. Reguleringa skjer i ettertid, og blir gjort frå 1. januar kvart år.

§ 2-2 Fast godtgjersle

Fast godtgjersle blir utbetalt slik:

- Ordførar: årleg godtgjersle tilsvarande 85 % av representantgodtgjersla på Stortinget (i 2013 kr 660.985,50)
- Varaordførar: årleg godtgjersle tilsvarande 10 % av ordføraren si godtgjersle (i 2013 66.098,55)
- Dei andre medlemmene i formannskapet og leiarane i hovudutvala: årleg godtgjersle tilsvarande 4 % av ordføraren si godtgjersle (i 2013 kr 26.439,42).

§ 2-3 Variabel møtegodtgjersle

Den variabel møtegodtgjersla utgjør per møte 1 % av ordføraren si godtgjersle (i 2013 kr 661,-). Leiarar i utval som ikkje har fast møtegodtgjersle, får utbetalt per møte 1,5 % av ordføraren si godtgjersle (i 2013 kr 991,50). I utval der leiar eller andre medlemmer også har sekretæransvaret, blir det utbetalt ytterlegare 1,5 % for denne funksjonen (i 2013 kr 991,50). Det blir ikkje betalt møtegodtgjersle for meir enn eitt møte per dag.

Folkevalde som mottar fast årleg godtgjersle, får ikkje møtegodtgjersle i det utvalet som den faste godtgjersla er knytt til. Ordføraren får ikkje variabel godtgjersle og formannschaftsmedlemmene og utvalsleiarane får ikkje møtegodtgjersle for møte i kommunestyret.

III: Utgiftsdekning

§ 3-1 Tapt arbeidsforteneste

Folkevalde som har tapt arbeidsforteneste for å delta på kommunale møte og andre møte med rett til godtgjersle får dekkta tapet etter desse reglane:

a.

Ulegitimert tap: kr 188,80 per time, maksimum kr 1.888,- per dag, inkludert feriepengar. Dei som kan sannsynleggjere at tapet er vesentleg større enn kr 188,80,- per time, får dekkta tapt arbeidsforteneste etter pkt. b.

b.

Med legitimasjon (trekk i lønn): inntil kr 1.888,- per døgn, inkludert feriepengar.

Satsane blir regulert kvart år tilsvarande auken i avlønninga for assistent i topplønn i det kommunale lønnsregulativet. Reguleringa skjer i ettertid og blir gjort frå 1. januar kvart år. (Siste regulering er gjort 1. januar 2013, då satsane vart auka med i underkant av 4,9 %)

§ 3-2 Skyss- og kostgodtgjersle

Folkevalde har rett på skyss- og kostgodtgjersle etter kommunen sitt reiseregulativ.

§ 3-3 Pass av barn

Kommunen dekkjer utgifter til pass av barn i samband med kommunale møte etter satsane i § 3-1, punkt a.

IV: Særskilde reglar

§ 4-1 Utbetaling

Møtegodtgjersle blir som hovudregel utbetalt automatisk. Tapt arbeidsforteneste, utgiftsdekning og møtegodtgjersle for deltaking i konferansar og anna der kommunen ikkje fører møtebok, blir utbetalt etter rekning.

§ 4-2 Tolking av reglementet

Formannskapet tolkar reglementet og tar stilling til tvilstilfelle.

§ 4-3 Iverksetjing m m

Reglementet gjeld frå 1. januar 2011. Frå same tidspunkt blir reglementet for godtgjersle til folkevalde i Gloppen, vedteke av kommunestyret den 24. juni 2002, oppheva.

Publisert av Jan Kåre Fure. Sist endra 02.01.2013

021/13 OPPFØLGINGSLISTE 4-2013

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 07.08.2013

Utv. Saksnr.	Dato	Status	Vedtaks-organ
021/13	22.08.2013	-	Ja
-		-	
-		-	

Saksvedlegg.

- Oppfølgingsliste 4-2013 Gloppen.

Andre dokument i saka (ikkje vedlagt):

Forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar.

Tilråding frå sekretariat til kontrollutvalet:

- Oppfølgingsliste 4-2013 vert teken til vitande.

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK:

Saksutgreiing

OPPFØLGINGSLISTE 4-2013 GLOPPEN

Sakshandsamar: SEKOM-sekretariat v/Vidar Øvrebø

Innleiing – Kva saka gjeld

Saksoppfølging.

Saksopplysningar:

Etter forskrift om kontrollutval i kommunar og fylkeskommunar § 20 2. ledd skal sekretariatet bl.a. sjå til at utvalet sine vedtak vert sett i verk.

Sekretariatet har også som oppgåve å følgje opp saker som vert tekne opp i kontrollutvalet. Dette kan vere saker, orienteringar og andre spørsmål som har vore handsama i kontrollutvalet, og som krev vidare handling.

Vedlagt følgjer ajourført oppfølgingsliste pr. 07. august 2013.

Lista vil bli oppdatert fortlaupande og lagt fram for kontrollutvalet i kvart møte.

Etterkvart som saker vert avslutta, vert dei tekne ut av lista.

Sekretariatet sine vurderingar:

Oppfølgingsliste 4-2013 - Gloppen.

Status saker handsama og spørsmål tekne opp i kontrollutvalet i Gloppen kommune

Saker som er avslutta vil ikkje kome med på neste statusrapport.

Saker som er tekne opp	Dato	Merknad	Status
019/10: Kontrollutvalsarbeid – tiltak.	2.12.10		02.12.10: Vedtak KU 13.02.10 s. brev til adm om tiltak Informasjon frå einingane. Tertialrapportar Tilsynsrapportar frå fylkesmannen. Informasjon frå revisor Kvalitetsrapportar etter kontroll av revisor. Orientering investeringsprosjekt kvart år i september. 18.07.11 Svar frå Gloppen om mottak av brev om orientering i neste møte.
018/10 Rutinar avslutta investeringsprosjekt – Uttale frå kontrollutvalet	02.12.10		02.12.10 Tilråding til kst. 03.12.10 saka s. Gloppebn kommune. 13.12.10 Vedtak kst sak 057/10: - <i>Gloppen kommune bør utarbeide økonomireglement eller rutinar der det går fram at avslutta prosjektrekneskapar med bruttokostand over kr 2.000.000,- skal leggjast fram for kontrollutvalet for uttale før det vert sendt over til formannskapet for tilråding og kommunestyret for endeleg vedtak.</i> - <i>Det bør leggjast fram sluttrapport og rekneskapar for avslutta prosjekt snarast.</i> 11.06.12: I samband med kontrollutvalsmøte og gjennomgang av årsrekneskapen for 2011 vart det stadfesta at dette ikkje er effektivert. 24.08.12 Brev Sjå sak 032/12
025/12 Rekneskapar avslutta inviersteringsprosjekt – Gloppen kommune. Sjå sak 32/12	23.08.12		23.08.12 Vedtak i KU: Kontrollutvalet kallar inn rådmann for å orientere om status i arbeidet med økonomireglement og rutinar rundt avslutta prosjektrekneskap i Gloppen kommune. 24.08.12 Brev sendt til rådmann vedrørande orientering.
031/12 Forvaltningsrevisjonesrapport – Prosjektplanlegging i Gloppen kommune.	30.11.12		30.11.12 Vedtak i KU: • Tinginga for prosjektet "Prosjektstyring i Gloppen kommune". • -Tingingsdokumentet vert sendt over til Kommunerevisjonen i Nordfjord for operasjonalisering. • Kommunerevisjonen i Nordfjord vert kalla inn til neste møte for å gje tilbakemelding på tinginga. 05.12.12 Sendt tinging til KIN
032/12 Orientering investeringsprosjekt	30.11.12		30.11.12 Vedtak i KU: Orienteringa om invisteringsprosjekt vert teken til vitande. • Administrasjonen jobbar med økonomireglementet. Rådmannen vil forsøke å legge fram sak til neste kommunestyremøtet i desember.
005/13	07.02.13		07.02.13 Vedtak i KU: Saka vert utsett til neste møte

Forvaltningsrevisjonsprosjekt Prosjektplanlegging i Gloppen kommune – Prosjektplan.			som er planlagt helde den 3. Mai 2013.
010/13 Godkjenning innkalling og sakliste	29.05.13		29.05.13 Vedtak i KU:
011/13 Skriv og meldingar	29.05.13		29.05.13 Vedtak i KU: Ad SM 09-13 E-post frå leiar for Samfunnsdemokratane - "Protokollføringa i Gloppen kommune", datert 28. mai 2013. (Utdelt i møtet). - Kontrollutvalet ber sekretariatet innhente uttale frå rådmannen og Administrasjonsutvalet samt hente inn sakstilfang vedrørende administrasjonsutvalssak 008/13 "Nytt omstillingsreglement" til neste møte i kontrollutvalet. - Resten av skriv og meldingar vert tekne til vitande 04.06.13Brev sendt til Rådmann i Gloppen. 04.06.13Brev sendt til administrasjonsutvalet Gloppen 24.06.13Motteke brev med uttale frå rådmannen. 25.06.13Motteke brev med møteprotokoll sak 008/13 frå administrasjonsutvalet. 25.06.13 Motteke brev frå Gunnvor Sunde.
012/13 Årsrekneskapen 2012 – Gloppen kommune.	29.05.13		29.05.13 Vedtak i KU: Fråsegn vedteken. 29.05.13 Fråsegn sendt til fornask. og kst.
013/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – forslag til endring av prosjekt.	29.05.13		29.05.13 Vedtak i KU: - Kontrollutvalet vedtek å endre rekkefølje på forvaltningsrevisjonsprosjekt i forhold til «Plan for forvaltningsrevisjon – Gloppen kommune.» - Forvaltningsrevisjonsprosjekt «Prosjektplanlegging i Gloppen kommune» blir utsett, og prosjekt «Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse» blir prioritert først. - Sekretariatet får i oppgåve å utforme tilging til neste møte i kontrollutvalet.
014/13 Oppfølgingsliste 2-2013 Gloppen kommune.	29.05.13		29.05.13 Vedtak i KU: Oppfølgingsliste 2-2013 Gloppen kommune vert teken til vitande.
015/13 Eventuelt	29.05.13		29.05.13 Vedtak i KU: Møtet i kontrollutvalet i Gloppen den 5. juni utgår.
016/13 Godkjenning innkalling og sakliste.	22.08.13		
017/13 Skriv og meldingar.	22.08.13		
018/13 Forvaltningsrevisjonsprosjekt – Forvaltning, drift og vedlikehald av kommunal eigedomsmasse – Tinging.	22.08.13		
019/13 Administrasjonsutvalssak 008/13 «Nytt omstillingsreglement.»	22.08.13		
020/13 Budsjett for drift av kontrollutvalet 2014.	22.08.13		
021/13 Oppfølgingsliste 3-2013	22.08.13		

Gloppen kommune.			
022/13 Eventuelt	22.08.13		
			-
Oppdatert 07.08.2013			

022/13 EVENTUELT

Sakshandsamar: Vidar Øvrebø. SEKOM- sekretariat
Dato: 07.08.2013

Utval	Dato	Utv.- Saksnr.	Status	Vedtaks- organ
Kontrollutvalet	22.08.2013	022/13	-	Ja
Formannskap	-	-	-	Nei
Kommunestyre	-	-	-	Nei

KONTROLLUTVALET SITT VEDTAK

Saksutgreiing

Saker som kontrollutvalet ønskjer å kommentere, stille spørsmål ved eller ta opp i dette møtet eller i eit seinare møte kan gjerast her.